

## **Kommuneplanen sin arealdel Bømlo kommune**



Plandokument: 27.10.2023

### **Overordna**

### **Konsekvensutgreiing og ROS-analyse**

---

## **Innholdsliste**

|      |   |    |
|------|---|----|
| 1    | Innleiing .....   | 3  |
| 2    | Handsaming av innspel til planarbeidet .....            | 3  |
| 3    | Behov for arealendringar .....                          | 4  |
| 4    | Arealendringar i planen.....                            | 5  |
| 4.1  | Oversikt.....   | 5  |
| 4.2  | Akvakultur.....   | 7  |
| 4.3  | Bustad .....  | 7  |
| 4.4  | LNF spreidd føremål.....                                | 10 |
| 4.5  | Fritidsbustad .....                                     | 12 |
| 4.6  | Fritids- og turistføremål .....                         | 13 |
| 4.7  | Næringsverksemd .....                                   | 14 |
| 4.8  | Næring, kystfiske .....                                 | 15 |
| 4.9  | Naustføremål og småbåtanlegg .....                      | 16 |
| 4.10 | Kombinerte bygge- og anleggsføremål .....               | 17 |
| 4.11 | Andre føremål .....                                     | 18 |
| 5    | Samla skildring av endringar, delområde i kommunen..... | 20 |
| 6    | Samla vurdering per utgreiingstema .....                | 23 |
| 6.1  | Naturmangfold .....                                     | 23 |
| 6.2  | Friluftsliv .....                                       | 28 |
| 6.3  | Landskap .....  | 29 |
| 6.4  | Kulturminne/Kulturmiljø .....                           | 31 |
| 6.5  | Naturressursar.....                                     | 32 |
| 6.6  | Strandsone .....  | 34 |
| 6.7  | Nærmiljø og stadutvikling – senterstruktur .....        | 37 |
| 6.8  | Barn og unge sine interesser .....                      | 38 |
| 6.9  | Klima og energi .....                                   | 39 |
| 6.10 | Næringsliv og sysselsetting .....                       | 41 |
| 7    | Risiko og sårbarheit .....                              | 43 |
| 7.1  | Kvalitetskrav til ROS-analysane .....                   | 43 |
| 7.2  | Vurdering av arealendringar .....                       | 44 |

## **1 Innleiing**

For kommuneplanar som gjev retningsliner eller rammer for framtidig utbygging, skal det gjerast ei særskilt vurdering og skildring av planen sine verknader for miljø og samfunn.

Planprogrammet til kommuneplanen for Bømlo peikar på at konsekvensutgreiinga (KU) skal utgjera eit samla dokument, og følgja som ein eigen del av planforslaget. Det står vidare at konsekvensutgreiinga skal avklarast mot andre mynde som har særskilt interesse etter plan- og bygningslova sitt system, og at for nokre tema vil lokalkunnskap og fagleg skjønn vera ein viktig del av konsekvensutgreiinga. Konsekvensutgreiinga skal omfatta dei delane av planen som fastset rammer for framtidig utbygging, og som samstundes inneber endringar av gjeldande plan. Det skal også gjerast ei vurdering av verknadane av dei samla arealbruksendringane i planen.

Denne rapporten omfattar overordna konsekvensutgreiing og ROS-analyse for arealendringane som er gjennomført i samband med utarbeiding av ny kommuneplan (KPA) for Bømlo kommune. Målsetjinga er å laga ei oversikt som avdekkjer verknad for miljø og samfunn, samt risiko og sårbarheit som føl av arealendringa, og identifisere avbøtande tiltak som reduserer eller eliminerer uakseptabel risiko. Arealendringane som er gjennomført er samanfatta og skildra i dette dokumentet. Det er gjort vurderingar for kvart arealføremål (kapitel 4), og for alle endringane totalt sett for delområda i kommunen (kapitel 5). I tillegg vert konsekvensane av arealendringane vurdert per fag-/utgreiingstema (naturmangfold, friluftsliv etc.), sjå kapitel 6. Overordna ROS-analyse er gjennomført i kapitel 7.

Bakgrunnsdokument for denne overordna konsekvensutgreiinga er:

- Konsekvensutgreiing og ROS-analyse for dei spesifikke arealendringane (Bømlo kommune og ABO Plan & Arkitektur Stord AS)
- KU-light arealendringar (Bømlo kommune)
- Vurdering av gjeldande reguleringsplanar (Bømlo kommune)
- Overordna KU for akvakultur og sjøområda (ABO Plan & Arkitektur Stord AS)
- Politisk saksframlegg om strandsona 2021-2022, Bømlo kommune
- Notat byggjegrense (Bømlo kommune)
- Notat senterstruktur (Bømlo kommune og ABO Plan & Arkitektur Stord AS)
- Arealrekneskap kommuneplan 2023 (ABO Plan & Arkitektur Stord AS)

## **2 Handsaming av innspel til planarbeidet**

Ein har i prosessen motteke om lag 350 arealinnspel innan dei fleste føremål, inklusiv innspel som er motteke før varsel om oppstart. Planprogrammet skisserer prosessen og arbeidet med arealinnspela til planen. Det er presistert at sorterings- og silingsarbeidet skal vera transparent og handsama politisk.

Prinsippet for sorterings- og silingsprosessen har vore todelt;

1. Først ei grovsiling, der det er vurdert kva innspel som skal vidare til konsekvensutgreiing. Grovsilinga er gjort på grunnlag av kriteriesett vist til i planprogrammet. Av dei om lag 350 innkomne innspela vart om lag 225 innspel sila ut i denne fasen, og om lag 125 innspel gjekk vidare til neste fase med konsekvensutgreiing. Grovsilinga vart politisk handsama i april 2022, av utval for areal og samferdsel.
2. Neste fase var konsekvensutgreiing av dei om lag 125 innspela. Innspela som er konsekvensutgreia er sortert og slått saman der det er naturleg. Ein del av innspela er tilrådd positivt med ei justering av arealføremålet eller type føremål. Etter denne fasen er det endeleg klart kva for arealendringar som vert teke med i framlegg til ny arealdel.

### **3 Behov for arealendringar**

I konsekvensutgreiingane for enkeltareal er det gjort ei vurdering av behovet for den aktuelle arealendringa. Endringar frå LNF-føremål til utbyggingsføremål vil i varierande grad ha negative konsekvensar for t.d. naturmangfold, friluftsliv, landskap, klima og energi. Det må såleis vera gode argument for at det er behov for dei aktuelle endringane. Behovsvurderingane vert gjort og vekta noko ulikt for dei ulike arealføremåla.

Når det gjeld bustad er det vist til bustadoversyn i rapport frå 2021. Denne rapporten gir ei oversikt over status i bustadområda i gjeldande kommuneplan, kor mange område og kor store areal som er sett av til bustadbygging. Rapporten gir også ei oversikt over utbyggingspotensiale for bustad fordelt på skulekrinsane. Generelt er det ein svært stor bustadreserve i kommunen. Det er i dag om lag 4800 bustader i kommunen, og rapporten peikar på at det er berekna at det kan byggjast ytterlegare nesten 2800 bustader innanfor arealet sett av til bustadbygging i gjeldande kommuneplan. Mange av desse områda er truleg ikkje reelle utbyggingsområde av ulike årsaker. I samband med pågående rullering av kommuneplanen er det starta på, men ikkje gjort ei fullstendig gjennomgang og vurdering av eksisterande bustadområde. Gitt den store arealreserven er det såleis ikkje høve til å leggja inn mykje nytt bustadareal.

Når det gjeld fritidsbustader er det også her analysar som peikar på at arealreserven er stor i gjeldande kommuneplan og reguleringsplanar. Planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel presiserer at tidlegare regulerte område, allereie detaljregulerte område, samt område avsett til fritidsbustadføremål i gjeldande kommuneplan skal vidareførast. Det er såleis ikkje gjort ei vurdering av gjeldande fritidsbustadføremål, med unntak av i eit par område som ligg i tilknyting til innkomne innspel. På bakgrunn av den store arealreserven, og at gjeldande arealføremål i all hovudsak vert vidareført, er dei arealendringane som er gjennomført for fritidsbustad avgrensa til justeringar eller tilpassingar til utbygd situasjon.

Når det gjeld innspel om næring og fritid/turisme peikar planprogrammet på at næringsaktivitet må ha prioritet, og ha tilgang på tilstrekkeleg areal. Planprogrammet stadfestar at kommunen ønskjer å leggje til rette for utviding av eksisterande industriområde, og å opna for næringsareal som ligg til sjø der det kan opparbeidast djupvasskaiar. Det står vidare at arealdelen må vera fleksibel i høve til næringsutvikling, og at det er ynskjeleg med næringsutvikling til sjø. Planprogrammet peikar også på at det skal leggjast til rette for utvikling av næringsverksemd i form av turisme og reiseliv. På bakgrunn av desse signala er det lagt inn nokre nye areal til næringsverksemd og fritid/turisme i planframleggj, sjølv om dei dels er i konflikt med ulike registreringar. Dei fleste områda ligg i tilknyting til eller er ei utviding av eksisterande næringsområde.

Når det gjeld naustområde peikar planprogrammet på at innspel om nye naustområde og utviding av eksisterande naustområde skal vurderast, og at felles småbåtanlegg/-hamner i tilknyting til eksisterande busetnad skal prioriterast. Det er lagt inn ein del område med naustføremål i planframleggj, men berre i område som allereie er heilt eller dels utbygd. Nye naustområde er ikkje lagt inn i heilt urørte område. I konsekvensutgreiinga for naustføremål er det også gjort ei enkel behovsvurdering om det er ledige areal/tomter i nærliggande naustområde. Småbåtanlegg som ligg i tilknyting til naustområde er i stor grad positivt tilrådd, dersom dei ikkje er i vesentleg konflikt med registreringar i området.

Planprogrammet peikar på at dagens reglar for forvaltning av naustområde har blitt til ulempe for profesjonelle fiskarar, og at gjeldande føresegner til naust og plankrav ikkje er tilpassa naust til kystfiske, då dei blir for små og for dyre. Det har difor vore ønskeleg å få til ei eigen handsaming av naust til profesjonelt fisk, og skilje desse frå naust til fritidsbruk. Det er fleire innspel på endringar frå område vist med arealføremål naust til kystfiske. Desse innspela er tilrådd positivt i konsekvensutgreiinga, og er gitt arealføremålet næring, kystfiske.

## 4 Arealendringar i planen

### 4.1 Oversikt

For å kunne analysere føremoner og ulemper av eit tiltak er det naudsynt å vite kva konsekvensar tiltaket gir. Ei føresetnad for konsekvensanalysar er at ein kan klarlegge samanhengar mellom årsak og verknad. Gjennom kunnskap om desse samanhengane kan ein komme fram til konsekvensane av eit tiltak eller ein plan.

Overordna konsekvensar for ulike fagtema er analysert og vurdert på eit nivå som normalt vert kravd på kommuneplannivå. Det er trekt fram positive og negative konsekvensar for dei ulike deltemaa. Utgreiinga er skriftleg, og verknaden er skildra som positiv, nøytral eller negativ i forhold til 0-alternativet, som er dagens kommuneplan.

Dei 125 innspela omfattar fleire areal. Totalt er det gjennomført konsekvensutgreiing for om lag 250 enkelt areal. Av desse er om lag 90 positivt tilrådd, om lag 50 er justert positive, og om lag 110 av innspela er negativt tilrådd. I tillegg til innkomne private innspel har kommunen teke initiativ til og gjennomført ein del justeringar av føremål, og tekniske rettingar.

Endring av arealføremål betyr ikkje i alle tilfella at områda vert endra frå urørt område til eit utbyggingsføremål. Det er til dømes om lag 450 daa som vert endra frå utbyggingsføremål til LNF, og om lag 500 daa som vert endra frå m.a. akvakultur til bruk og vern av sjø og vassdrag. Av arealet som vert positivt tilrådd er det i tillegg ei overvekt av areal som er heilt eller dels utbygd. Desse arealet omfattar endringar frå eitt utbyggingsføremål til eit anna, eller område som er bygd ut utan å vera i tråd med gjeldande arealføremål.

Det er arealføremåla akvakultur, bruk og vern av sjø og vassdrag, LNF, LNF – spreidd bustad, næring og råstoffutvinning som utgjer dei største arealendringane, med omsyn på arealstorleik. Sjå tabell under for ei oversikt over føremåla, areal i gjeldande KPA og arealendringar.

| SOSI-kode          | Føremål *            | Totalt KPA 2013, daa | Totalt ny KPA 2023, daa | Arealinnspel/nye arealføremål, daa |
|--------------------|----------------------|----------------------|-------------------------|------------------------------------|
| <b>1001</b>        | Bygg og anlegg       | 0                    | 7                       | 0                                  |
| <b>1110</b>        | Bustad               | 7 279                | 9 320                   | 274                                |
| <b>1120</b>        | Fritid               | 1 835                | 1 766                   | 6                                  |
| <b>1130</b>        | Sentrum              | 0                    | 0                       | 0                                  |
| <b>1150</b>        | Forretning           | 144                  | 29                      | 0                                  |
| <b>1160</b>        | Teneste              | 260                  | 617                     | 0                                  |
| <b>1170</b>        | Fritid/turisme       | 144                  | 146                     | 44                                 |
| <b>1200</b>        | Råstoff              | 943                  | 1 006                   | 27                                 |
| <b>1300</b>        | Næring               | 875                  | 2 345                   | 381                                |
| <b>1400</b>        | Idrett               | 89                   | 310                     | 0                                  |
| <b>1500</b>        | Naust                | 847                  | 817                     | 23                                 |
| <b>1500</b>        | Småbåtanlegg         | 104                  | 118                     | 19                                 |
| <b>1500</b>        | Naust + småbåtanlegg | 16                   | 15                      | 0                                  |
| <b>1500</b>        | Kystfiske**          | 9                    | 0                       | 0                                  |
| <b>1500</b>        | Anna                 | 516                  | 524                     | 27                                 |
| <b>1600</b>        | Uteoppahaldsareal    | 0                    | 20                      | 0                                  |
| <b>1700</b>        | Grav/urnelund        | 21                   | 47                      | 0                                  |
| <b>1800</b>        | Kombinert føremål    | 107                  | 7 243                   | 65                                 |
| <b>2010 (2001)</b> | Veg                  | 1                    | 708                     | 0,7                                |

|                               |                          |                |                |              |
|-------------------------------|--------------------------|----------------|----------------|--------------|
| <b>2040</b>                   | Hamn                     | 507            | 486            | 0            |
| <b>2800</b>                   | Kombinert føremål        | 0              | 2 688          | 0            |
| <b>3001 (3002)</b>            | Grønstruktur             | 1 199          | 1 274          | 37           |
| <b>3020</b>                   | Naturområde              | 74             | 76             | 0            |
| <b>3040</b>                   | Friområde                | 2 223          | 2165           | 2            |
| <b>5100</b>                   | LNF                      | 199 505        | 197 497        | 452          |
| <b>5200</b>                   | LNF-spreidd              | 470            | 246            | 0            |
| <b>5210</b>                   | LNF-spreidd bustad       | 6 473          | 6 483          | 199          |
| <b>5220</b>                   | LNF-spreidd næring       | 1              | 54             | 54           |
| <b>5230</b>                   | LNF-spreidd fritid       | 0              | 3              | 2            |
| <b>6001</b>                   | Bruk og vern sjø         | 281 241        | 279 400        | 487          |
| <b>6100</b>                   | Ferdsel                  | 3 531          | 3 582          | 0            |
| <b>6120</b>                   | Opplag                   | 0              | 24             | 24           |
| <b>6220</b>                   | Hamneområde i sjø        | 0              | 191            | 0            |
| <b>6230</b>                   | Småbåthamn               | 150            | 272            | 20           |
| <b>6300</b>                   | Fiske                    | 55 466         | 33 084         | 0            |
| <b>6400</b>                   | Akvakultur i sjø og land | 6 476          | 6 779          | 784          |
| <b>6500</b>                   | Drikkevatn               | 3 293          | 3 293          | 0            |
| <b>6600</b>                   | Naturområde              | 2 473          | 2 473          | 0            |
| <b>6700</b>                   | Friluftsområde           | 6 896          | 6 889          | 0            |
| <b>6800</b>                   | Kombinert føremål        | 39 741         | 61 720         | 0            |
| <b>SUM arealføremål i daa</b> |                          | <b>621 912</b> | <b>633 717</b> | <b>2 928</b> |

\* Arealføremåla kan ikkje direkte samanliknast.

\*\* Endra i ny plan til næringsføremål, kystfiske

Tala som viser samla arealføremål KPA 2013 og KPA 2023 i tabellen ovanfor kan ikkje direkte samanliknast. Ein stor endring frå KPA 2013 til KPA 2023 er forholdet til godkjente reguleringsplanar. I KPA 2013 var alle gjeldande reguleringsplanar omfatta av omsynssone H910 og hadde ingen arealføremål under omsynsona. I ny kommuneplan er nokre reguleringsplanar oppheva (om lag 20 stk.) og «erstattaa» med arealføremål, medan resterande (om lag 230 stk.) vil gjelda saman med KPA. Det er i ny kommuneplan lagt eit generelt hovudføremål under reguleringsplanane som skal gjelda saman med kommuneplanen. Denne endringa gir eit vesentleg utslag på arealrekneskapet, men har liten praktisk betydning.

## 4.2 Akvakultur

Overordna KU for akvakultur og sjøområda er handsama i eige dokument. Her følgjer ei oppsummering av konklusjonane for tema akvakultur:

Det er ikkje lagt inn heilt nye akvakulturføremål i planframlegget, men fleire eksisterande føremål er justert på bakgrunn av innspel til planarbeidet. Dette er i stor grad justeringar av føremål for tilpassing til godkjent anleggspllassering. For ein del av akvakulturområda som er utvida er deler av føremålet erstatta med areal som ikkje opnar for akvakulturverksemd (bruk og vern av sjø og vassdrag). Dette er gjort i område og for areal der det ikkje er aktuelt å utvide eksisterande anlegg. Det er også teke ut tre mindre avakulturområde i planframlegget. Det totale arealet avsett til akvakultur er likevel auka i planframlegget, med om lag 240 daa sett i forhold til kommuneplan frå 2013. Den overordna konsekvensutgreiinga for akvakultur konkluderer med at det ikkje er vesentlege endringar i konsekvens som følgje av endringane i planframlegget. Bakrunnen for dette er at endringane i stor grad er justeringar som oppdaterer og tilpassar planen til godkjent situasjon.

## 4.3 Bustad

Bømlo kommune har ein stor bustadreserve i gjeldande plan, og det er ikkje behov for nye, større bustadfelt i kommunen, jamfør rapporten *Bustadoversyn Bømlo kommune* (2021). Det som i hovudsak er lagt inn av nye bustadareal i planen kjem innunder følgjande kategoriar:

- Allereie utbygde eller dels utbygde område i LNF, som vert endra til bustadføremål, slik at arealføremål er i tråd med bygd situasjon.
- Utviding eller nye område som ligg svært gunstig plassert i høve til etablerte senter, eksisterande infrastruktur, og nærliek til skule.
- LNF-spreidd område der det vert opna for eit avgrensa tal på nye einingar, eventuelt utviding av LNF-soner utan at tal på einingar vert auka.
- Endring av LNF spreidd område til bustadføremål i fire område, då områda er tett utbygd/frådelte tomtar, ber preg av bustadfelt heller enn spreidd utbygging.

Bustadområde som er i vesentleg konflikt med registrerte interesser er i liten/ingen grad lagt inn i planen. Unntaket er eit nytt bustadområde ved Gullvegen gardstun på Lykling, på om lag 5 daa. Dette er teke inn samstundes som eit nærliggande LNF spreidd-område som er i konflikt med dei same registreringane er endra til LNF-føremål.

### Nye bustadføremål

I planframlegget er det lagt inn om lag 274 dekar nye bustadføremål fordelt på 38 nye areal (sjå tabell under). Det er fleire av desse areala som er heilt utbygd, og slik ikkje utgjer ein reel auke i bustadreserve. Om lag 90 dekar av dei 274 dekar nye bustadareaala er ubygde område.

Dei fleste nye bustadføremål er mindre areal, og mange er justeringar som oppdaterer kommuneplanen til dagens utbygde situasjon. Det er ikkje lagt nye bustadfelt i nye, urørte område der det ikkje er etablerte bustadområde i dag. Det er lagt inn seks areal som er over 10 daa; utviding av bustadfeltet ved Raunevarden (Svortland), og Ramdalen (Rubbestadneset), endring frå LNFS til bustad på Nesse og Stavland (Storavatnet, Meling), Kallevåg (Langevåg) og Anskot (Finnås). Følgjande bustadføremål er lagt inn i planframlegget:

| ID i KU             | ID i plankart | Delområde | Skildring   | Areal, ca. |
|---------------------|---------------|-----------|---|------------|
| <b>Svortland 11</b> | B201          | Svortland | Utviding av eksisterande bustadfelt ved Raunevarden                       | 12 daa     |
| <b>Svortland 16</b> | B202          | Svortland | Sentralt i Svortland, spreidd bustad, bustadfelt og barnehage i nærliken. | 1,5 daa    |

|                                   |                   |                |  |          |
|-----------------------------------|-------------------|----------------|--|----------|
| <b>Rolfsnes 1<br/>(2 areal)</b>   | B195,<br>199      | Rolfsnes       | Området består i hovudsak av spreidd busetnad og jordbruksareal, og grensar til bustadføremål.   | 3,5 daa  |
| <b>Rubb 5a, 5b,<br/>5c</b>        | B196,<br>198, 301 | Rubbestadneset | Tre areal som ligg i tilknyting til eksisterande byggefelt.  | 21 daa   |
| <b>Finnås 3a</b>                  | B207              | Finnås         | Deler av eigedomen er vist som bustad, mens resten er vist som LNF i gjeldande kommuneplan. Det står eit uthus innanfor arealet.   | 2,5 daa  |
| <b>Finnås 6a</b>                  | B206              | Finnås         | Mindre utviding av eksisterande bustadføremål.   | 1 daa    |
| <b>Finnås 9f</b>                  | B214              | Finnås         | Området ligg ved Gullvegen gardstun. Arealet er i konflikt med fleire registreringar, men vert lagt inn samstundes som at nærliggande LNF-spreidd område, som överlappar med dei same registreringane, vert endra til LNF-føremål. | 5 daa    |
| <b>KU-light 22<br/>- Anskot</b>   | B302              | Finnås         | Endring frå LNFS til bustad i eit område som i stor grad er utbygd med bustader på Anskot sør for Finnås sentrum. Føreslått av administrasjonen.   | 18,5 daa |
| <b>Moster 2</b>                   | B213              | Moster         | Arealet ligg tilgrensande eksisterande bustadføremål   | 2 daa    |
| <b>Moster 4</b>                   | B211              | Moster         | Bebygd tomt, der deler av tomta ligg i LNF-føremål.  | 3 daa    |
| <b>Moster 5b</b>                  | B208              | Moster         | Utviding av bustadføremål for areal som allereie er bygd ut med bustad.  | 5 daa    |
| <b>Moster 11</b>                  | B212              | Moster         | Deler av tomta ligg i bustadføremål, og deler ligg i LNF-område.   | 0,7 daa  |
| <b>Moster 12</b>                  | B209              | Moster         | Tomt som er bygd ut med bustad, men ligg i LNF-område.   | 0,7 daa  |
| <b>Moster 13</b>                  | B210              | Moster         | Tomt som er bygd ut med bustad, men ligg i LNF-område.   | 1,5 daa  |
| <b>Meling 1a</b>                  | B200              | Meling         | Dels utbygd område i LNF, tilgrensande bustadføremål.  | 4,2 daa  |
| <b>KU-light 21<br/>- Stavland</b> | B194              | Meling         | Endring frå LNFS til bustad i eit område som i stor grad er utbygd med bustader på Søvoll vest for Svortland sentrum. Føreslått av administrasjonen.   | 57 daa   |
| <b>Meling -<br/>Nesse</b>         | B195              | Meling         | Innspel om endring frå LNFS til bustad i eit område med fleire frådelte tomter. Føreslått av administrasjonen  | 17,6 daa |
| <b>Foldrøy 2b</b>                 | B204              | Foldrøy        | Arealet er bygd ut med bustad.   | 1,7 daa  |
| <b>Foldrøy 3</b>                  | B203              | Foldrøy        | Arealet ligg mellom eit ferdig utbygd bustadfelt og eit bustadføremål som ikkje er utbygd.   | 6 daa    |
| <b>Foldrøy 5a</b>                 | B205              | Foldrøy        | Arealet er ubygdt, men grensar til bustadføremål.  | 9 daa    |

|                                 |      |   |  |        |
|---------------------------------|------|---|--|--------|
| <b>Langevåg</b>                 | B197 | Langevåg  | Endring fra LNFS til bustad i eit område som i stor grad er utbygd med bustader i Kallevåg. Føreslått av administrasjonen. | 70 daa |
| <b>KU-light - enkelt tomтар</b> |      | Svortland, Rubbestadneset, Goddo, Gilje, Finnås | Endring fra LNF til bustad for etablerte og bygde bustadtomtar som grenser til eksisterande bustadfelt/-føremål            | 21 daa |

#### Endring frå bustadføremål til LNF-føremål/andre føremål

I planforslaget er om lag 275 dekar endra frå bustadføremål til LNF-føremål eller anna utbyggingsføremål som ikkje er bustad.

Det er gjort ei enkel vurdering av eksisterande bustadføremål i gjeldande plan mellom anna med omsyn til lokalisering og realisme i høve til utbygging. På bakgrunn av dette er tre bustadføremål teke ut av gjeldande plan; eitt område ved Kvernanes (Brandasund), eitt område på Goddo, og eitt område på Espevær. I tillegg er tre bustadføremål i gjeldande plan redusert på grunn av overlapp med myr og strandsone. Totalt er det teke ut om lag 250 daa bustadføremål i planframlegget samanlikna med gjeldande plan. Desse areala er endra til LNF-føremål.

Det er også gjort ein del endringar der bustadføremål eller LNF – spreidd bustad er endra til andre føremål, og på denne måten er arealreserven på bustad ytterlegare redusert samanlikna med gjeldande plan. Endring frå bustad til andre utbyggingsføremål utgjer om lag 24,5 dekar (i hovudsak endring til næring) og endring frå LNF-spreidd bustad til anna utbyggingsføremål enn bustad utgjer om lag 38,5 dekar.

#### Bustadreserve i skulekrinsar

Tabellen nedanfor syner samla endring i planframlegget for bustadføremål totalt for kommunen og for skulekrinsane.

|                               | <b>Endring til<br/>bustadføremål,<br/>Ubygde område</b> |                  | <b>Endring til<br/>bustadføremål,<br/>Utbygde område</b> |                  | <b>Endring frå<br/>bustadføremål<br/>til LNF</b> |
|-------------------------------|---|------------------|--|------------------|--|
|                               | Tal<br>område   | Areal<br>(dekar) | Tal<br>område  | Areal<br>(dekar) | Areal<br>(dekar)                                 |
| <b>Bømlo kommune totalt</b>   | <b>16</b>   | <b>90</b>        | <b>22</b>  | <b>184</b>       | <b>250</b>                                       |
| <b>Svortland</b>              | 2   | 13,8             | 2  | 3                | 67   |
| <b>Rubbestadneset</b>         | 5   | 27,1             | 1  | 1                | 13   |
| <b>Meling</b>                 | 2   | 17,6             | 2  | 61               | 0  |
| <b>Gilje</b>                  | 1   | 7                | 2  | 3                | 0  |
| <b>Våge/Finnås</b>            | 2   | 6                | 4  | 24               | 0  |
| <b>Hillestveit (Langevåg)</b> | 0   | 0                | 1  | 70               | 0  |
| <b>Espevær</b>                | 0   | 0                | 0  | 0                | 37   |
| <b>Foldrøy</b>                | 2   | 14,6             | 1  | 2                | 0  |
| <b>Moster</b>                 | 2   | 2,6              | 9  | 19               | 130  |

#### **4.3.1 Konklusjon bustad**

Den samla endringa av bustadføremål i ny kommuneplan slik:

- Om lag 90 dekar bustadføremål som inneber reell bustadreserve (ubygde bustadareal)
- Om lag 184 dekar bustadføremål som ikke utgjer reell bustadreserve (allereie utbygde areal)
- Om lag 250 dekar endra frå bustadføremål til LNF-føremål og om lag 24,5 dekar endra frå bustad til andre utbyggingsføremål.

Endringane i planframlegget inneber ein netto reduksjon i reelt byggjeland for bustad i ny kommuneplan på om lag 185 dekar sett i lys av kommuneplan 2013. Dette svarar til ein viss grad opp kommunen sin rapport om bustadsituasjonen frå 2021, som viser ein svært stor bustadreserve i kommunen i alle delområde.

I denne rulleringa av kommuneplanen er arbeidet med å vurdere eksisterande bustadområde starta. I dette arbeidet bør også forhold til bustadtopologi og korleis kan ein i arealplanlegginga legge til rette for framtida med m.a. fleire eldre, einslege, samt arealutnytting sett i lys av klima- og naturkrisa. Komande rulleringar bør løfte fram denne tematikken i enno større grad, slik at den framtidige bustadutviklinga i kommunen er berekraftig i miljø-, sosiale- og økonomiske perspektiv.

Bustadarealet som er lagt inn i planframlegget er i stor grad område som allereie er heilt eller dels utbygd, eller som ligg i tilknyting til eksisterande bustadareal. Det er ikkje lagt inn heilt nye bustadområde i planframlegget, som ikkje ligg i tilknyting til eksisterande bustadområde. Dei nye bustadarealet er søkt lokalisert i tråd med ønska senterstruktur i kommunen. Det inneber også at ein del ubygde og uregulerte bustadføremål som ligg mindre sentralt i høve til senterstrukturen er endra til LNF-føremål.

Basert på ein reduksjon i netto bustadareal i kommunen, samt at mykje av endringane er tilpassingar til ein allereie utbygd situasjon, vert verknadane av planframlegget vurdert til å ikkje ha vesentleg negativ verknad på samfunn og miljø.

#### **4.4 LNF spreidd føremål**

Det er lagt inn totalt 15 nye areal som LNF-spreidd bustad, 1 areal til LNF-spreidd fritid og 1 areal til LNF-spreidd næring. I tillegg er det gjort mindre justeringar i eksisterande LNF-spreidd område der desse er utvida for å inkludere utbygde tomtar. Det er i all hovudsak LNF spreidd bustadområde som er lagt inn i planframlegget, og for mange av områda er føremålsendringane gjort for å tilpasse planen til utbygd situasjon.

Følgjande areal er sett av til LNF-spreidd i planframlegget:

| ID i KU             | ID i plankartet | Delområde  | Skildring  | Areal (daa)     | Kvote        |
|---------------------|-----------------|------------|--|-----------------|--------------|
| <b>Brandasund 3</b> |                 | Brandasund | Utviding av eksisterande areal for LNF-spreidd bustad på Selsøy.       | 47,7 daa        | 2            |
| <b>Finnås 2d</b>    | LSB85           | Finnås     | Mindre utviding av LNF-spreidd bustadområde                            | 4,5 daa         | 1            |
| <b>Finnås 5a</b>    | LSN1            | Finnås     | LNF-spreidd næring. Areal for framtidig gardsnæring ved Klokkarteigen. | 2,2             | 1            |
| <b>Finnås 10b</b>   | LSB86           | Finnås     | Mindre utviding av LNF-spreidd bustad område på Lykling                | 2,4 daa         | 1            |
| <b>Finnås 11</b>    | LSB70-71        | Finnås     | Område på Oldereid med spreidd bustad. LNF-                            | 16,7 + 24,2 daa | 1<br>(LSB71) |

|                               |           |                |   |               |   |
|-------------------------------|-----------|----------------|---|---------------|---|
|                               |           |                | spreidd bustad på i hovudsak utbygde område.  |               |   |
| <b>Foldrøy 6</b>              | LSB67     | Foldrøy        | Utbygde bustadområde på Bakken sør for Foldrøyhamn.   | 13,2 daa      | 0 |
| <b>KU-light 27 og Gilje 4</b> | LSB50, 53 | Gilje          | To utbygde bustadområde på Gilje.   | 3,7 + 7,6 daa | 0 |
| <b>Gilje 8a</b>               | LSB60     | Gilje          | Spreidd utbygd område på Korsnes, på sørvestsida av Giljevatnet. Bustad   | 29,3 daa      | 2 |
| <b>Gilje 10a</b>              | LSB58     | Gilje          | Utvinding av LNF -spreidd bustadområde ved Giljevegen.  | 5,9 daa       | 1 |
| <b>Langevåg 7</b>             | LSF1      | Langevåg       | LNF spreidd fritid område, som omfattar eksisterande hytter ved Rysseid/Hjartnes. Lagt inn null i kvote.                | 54 daa        | 0 |
| <b>Meling 5b og 6</b>         | LSB28, 30 | Meling         | LNF spreidd bustadføremål på utbygd område som grensar til LNF – spreidd bustadområde.                                  | 4,7 + 1,6 daa | 0 |
| <b>Rubbestadneset 1</b>       | LSB17     | Rubbestadneset | LNF spreidd bustad i utbygd område ved Gjøsæter, nord for Rubbestadneset.   | 12 daa        | 1 |
| <b>Rubbestadneset 15a</b>     | LSB19     | Rubbestadneset | LNF spreidd bustad i utbygd område, som utviding av eksisterande LNFS-areal   | 4,2 daa       | 0 |
| <b>Svortland 12</b>           | LBS44     | Svortland      | LNF spreidd bustad i område med spreidd busetnad, aust for Svortland sentrum  | 17,6 daa      | 1 |
| <b>Svortland 13</b>           | LSB39     | Svortland      | LNF spreidd bustad i område med eksisterande bustad, like ved Selsvatnet, tilgrensande eksisterande LNF spreidd område. | 2,9 daa       | 0 |

Det er tatt ut eit LNFS- område ved Lykling, Gullvegen gardstun, nytt bustadfelt i Rubbestadneset (innspel Rubb 5) er reduserer deler av LNF-spreidd føremål og to LNFS-område er endra til bustad på bakgrunn av innspel frå administrasjonen, sjå kapitel om bustadføremål 4.3. I tillegg er deler av LNF-spreidd føremål endra til næring ved innspel Goddo 3 – Utviding av Bremnes Seashore sitt settefiskanlegg i Skålevik.

Det er lagt klare føringar i føresegnene som sikrar rett lokalisering av bygg/tiltak innanfor områda for spreidd utbygging. Desse sikrar mellom anna at det ikkje kan byggast på dyrka eller dyrkbar mark, samanhengande innmarksbeite, samanhengande skogsområde av svært høg/høg kvalitet/bonitet eller på myrområde.

I kommuneplan frå 2013 er det 81 areal avsett til LNF-spreidd bustad. Administrasjonen si erfaring frå planperioden frå 2013 er at det ikkje er vesentleg utbyggingspress innanfor desse areala, men at areala gir eit planmessig grunnlag for dei som ønskjer å t.d. flytte heim eller flytte meir landleg. Det 15 nye areal til LNF-spreidd bustad føremål (ca. 119 dekar) i ny kommuneplan. Det er opna for 10 nye bueiningar for åtte av areala, medan det for dei resterande sju ikkje er lagt til nye einingar. Dei aller fleste områda er allereie bygde, og kvota for kvar område vil opne for 1-2 nye einingar eller ingen nye einingar der ein berre legg til rette for eksisterande situasjon.

Samla opnar LNF-spreidd føremål som er vidareført frå kommuneplan frå 2013 og dei nye areala, for om lag 200 nye einingar fordelt på ca. 100 LNF-spreidd område. For nokre få areal er det ikkje opna for nye einingar, og desse areala vil sikre etablerte bustadar sin moglegheit for utvikling. Om lag 40 av areala opnar for 1-2 nye einingar kvar, 20 stk. opnar for 3 einingar kvar, 12 stk. for 4 einingar kvar og 7 stk. opnar for 5-6 nye einingar kvar. Areala som opnar for flest einingar er store areal, som t.d. sona som ligg sørvest for Våge skule på Finnås.

#### **4.4.1 Konklusjon LNF spreidd**

I kommuneplanen sin samfunnsdel er det lagt føringar for å satse på bustadbygging i sentrale strøk, men utan at det skal setje til sides høve for etableringar utanfor tettstadene. Endringane i planframlegget gir ein auke i tal einingar sett i lys av kommuneplan frå 2013 og resterande kvote per LNF-spreidd føremål per oktober 2023. LNF-spreidd føremåla er fordelt over heile kommunen og utgjer ein mindre andel av bustadreserven per delområde i kommunen (skulekrins). Samla gir LNF-spreidd føremåla ein relativt høg del ny einingar, men dette vil vera spreidd i både tid og rom. Vidareføring og nye LNF-spreidd føremål støttar kommunen sin samfunnsdel ved å opne for noko utbygging utanfor sentrale strøk. Basert på avgrensa tal einingar per LNF-spreidd område og at ein del av areala er tilpassingar til ein allereie utbygd situasjon (opnar ikkje for nye einingar), vert verknadane av planframlegget vurdert til å ikkje ha vesentleg negativ verknad på samfunn og miljø.

## **4.5 Fritidsbustad**

Det er om lag 1040 registrerte fritidsbustadar i Bømlo kommune. I følgje [SSB](#) ligg dei aller fleste utanfor hyttefelt (område med mindre enn 5 hytter). Norsk institutt for naturforskning (NINA) har gjennomført ei kartlegging av tomtereservar for fritidsbustad i Noreg i 2022, på oppdrag frå Kommunal- og distriktsdepartementet. I følgje denne rapporten har Bømlo kommune ein samla tomtereserve for fritidsbustader på 1232 daa i kommuneplan og reguleringsplanar. På bakgrunn av mellom anna dette er det vurdert at det ikkje er behov for nye område til fritidsbustad i kommunen

Det er gjennomført 21 konsekvensutgreiingar på fritidsbustad. Det er lagt inn om lag 6 dekar nytt arealføremål for fritid, sjå tabell under. Det er ikkje lagt inn heilt nye område for fritidsbustad i ny plan. Alle areala ligg i tilknyting til eksisterande bygde fritidsbustadføremål. Arealendringane representerer såleis svært avgrensa høve til ytterlegare utbygging med fritidsbustader i kommunen.

Følgjande nye område er sett av til fritidsbustad i planframlegget:

| ID i KU          | ID i plankart | Delområde      | Skildring  | Areal (daa) |
|------------------|---------------|----------------|--|-------------|
| <b>Rubb 12</b>   | FB67          | Rubbestadneset | Justering av grense for fritidsføremål.<br>Deler av bygning ligg utanfor eksisterande fritidsføremål.        | 0,3 daa     |
| <b>Finnås 1e</b> | FB155/<br>157 | Finnås         | Lagt til to mindre areal som grensar til eksisterande utbygd fritidsbustad-føremål, utanfor 100-metersbeltet | 3 daa       |

|                                 |       |           |   |         |
|---------------------------------|-------|-----------|---|---------|
| <b>Finnås 14</b>                | FB108 | Finnås    | Justering av grense for fritidsbustad-føremål. Deler av tomta har fritidsbustadføremål, og resten er næringsføremål, med bandleggingssone for regulering. | 0,3 daa |
| <b>Foldrøy 4f</b>               | FB82  | Foldrøy   | Eksisterande tomt i strandsona, som allereie er bygd ut med fritidsbustad.  | 1,4 daa |
| <b>Meling 8</b>                 | FB84  | Meling    | Mindre justering av eksisterande fritidsbustadføremål i strandsona, for å tilpasse eigedomsgrensa.  | 0,1 daa |
| <b>KU-light - enkelt tomтар</b> | FB47  | Svortland | Endring frå LNF til fritid for 1 etablert og bygd tomt som grenser til eksisterande hyttefelt/-føremål  | 0,9 daa |

Ved Lykling, Gullvegen gardstun er det gjort ei endring frå fritidsbustad til LNF i eit område som er ubygde, og som er i konflikt med fleire registreringar. Dette området er om lag 9,6 daa. I Innværjfjorden er det også gjort ei endring, her frå fritidsføremål til fritid/turisme og til LNF. Dette området utgjer om lag 4,5 daa. Dette gir at det samla er endra om lag 14,1 daa frå fritidsbustadføremål til LNF-føremål/anna utbyggingsføremål i ny kommuneplan.

#### 4.5.1 Konklusjon fritidsbustad

Samla er det ein reduksjon i areal avsett til fritidsbustad i den nye kommuneplanen. Nye areal for fritidsføremål utgjer om lag 6 dekar og om lag 14,1 daa er endra frå fritidsbustadføremål til LNF-føremål/anna utbyggingsføremål. Dei nye areala er i hovudsak berre mindre justeringar i fritidsbustadføremåla. Dette har mindre betydning for arealreserve for fritidsføremål i kommunen, då det er i følgje rapport frå NINA ein større tomteservere for fritidsbustadar i kommunen.

Samla sett er det vurdert å vera ingen endring i verknad på samfunn og miljø knytt til fritidsbustadføremål. Dette med bakgrunn at endringane er små areal, justeringar av føremål, og samla mindre avsett areal til føremålet i ny kommuneplan samanlikna med kommuneplan frå 2013.

## 4.6 Fritids- og turistføremål

Det er 7 innspel om fritids- og turistføremål i ny plan, desse er konsekvensutgreia. Desse utgjer 11 areal, der om lag halvparten har fått negativ tilråding i hovudsak pga. arealkonflikt. Det er lagt inn om lag 31,5 dekar nytt arealføremål for fritid- og turistføremål, sjå tabell under. Dei tilrådde områda ligg i hovudsak i område som allereie er relativt godt tilrettelagt med infrastruktur og vegsamband. Areala er teke inn m.a. med grunnlag i at fritid- og turistføremål kan vera positivt med omsyn til næringsliv og sysselsetting for det aktuelle området og for kommunen.

Følgjande nye område er sett av til fritid- og turistføremål i planframlegg:

| ID i KU         | ID i plankart | Delområde | Skildring  | Areal (daa) |
|-----------------|---------------|-----------|--|-------------|
| <b>Finnås 9</b> | FTU19, 20, 21 | Finnås    | Tre areal i tilknyting til Gullvegen gards-tun på Lykling. Eitt areal er tilrådd uendra, mens to av areala som er tilrådd er justert slik at dei i mindre grad er i konflikt med registreringar i området. To av områda er for bobil-parkering, og vert såleis ikkje bygd ut med til dømes hytter. | 12,5 daa    |

|                   |       |                |  |         |
|-------------------|-------|----------------|--|---------|
| <b>Langevåg 3</b> | FTU23 | Langevåg       | Innspelet er tilrådd justert positiv, og området skal nyttast til turløyper, klatrepark og liknande.             | 28 daa  |
| <b>Rubb 16d</b>   | FTU8  | Rubbestadneset | Areal sett av til fritidsbustad i gjeldande kommuneplan, der deler er positivt tilrådd som fritid/turistføremål. | 3,5 daa |

Ved Gjøsætre (innspel Rubbestadneset 1) er det eit areal som er endra frå fritid/turismeføremål til LNF – spreidd bustad og LNF, i tråd med faktisk situasjon. Dette arealet er om lag 19 daa. I tillegg er det eitt areal ved Kuleeidkanalen (innspel Finnås 14) som er endra frå Fritid og turisme til Fritid (ca. 2,4 daa).

#### 4.6.1 Konklusjon fritids- og turistføremål

Samla er det ein auke på om lag 10 daa i areal avsett til fritid- og turistføremål i den nye kommunepenanen. Nye areal for føremålet utgjer om lag 31,5 dekar og om lag 21,4 daa er endra frå fritid- og turistføremål til anna utbyggingsføremål. Samla er endringane knytt til fritids- og turistføremål vurdert til å ha mindre vesentleg verknad på samfunn og miljø, då det er snakk om mindre areal. Arealendringane vil vera positive for næringsliv og sysselsetting, og satsing på reiseliv, men vil ha nokre negative konsekvensar for miljø, då innspela omfattar areal som er utan tiltak i dag.

## 4.7 Næringsverksemd

Det er lagt inn 17 nye areal med næringsføremål, totalt om lag 334 daa, sjå tabell under. Dette er utan næringsområde som er sikra til kystfiske, sjå neste punkt. Dei tilrådde næringsareala ligg i stor grad i tilknyting til eksisterande næringsområde, eller er område som allereie er i bruk til næring, slik at nytt arealføremål er i tråd med eksisterande bruk av området. Det er ikkje lagt inn heilt nye næringsområde i planen, som ikkje allereie er dels bygd ut, eller som grensar til eksisterande verksemder, og som såleis er ei utviding av eksisterande næringsområde.

Følgjande nye område er sett av til næringsområde i planframlegget:

| ID i KU                   | ID i plankart | Delområde      | Skildring   | Areal (daa)                     |
|---------------------------|---------------|----------------|---|---------------------------------|
| <b>Gilje 1</b>            | NÆ51          | Gilje          | Område ved sjøen på Alvsvåg med bustadføremål i dag. Området er bygd ut med fleire industribygg og kaianlegg m.m. på området i dag. Føresegnene sikrar at området skal nyttast til sjøretta næring, som ikkje skal vera støyande. | 10,7 daa                        |
| <b>Gilje 7a</b>           | NÆ60, 61      | Gilje          | Fylkesnes fisk sin base, utviding av eksisterande næringsføremål, som er i bruk i dag.  | 10,4 daa                        |
| <b>Finnås 16e</b>         | NÆ70          | Finnås         | Mindre utviding av næringsareal ved Kuleeidkanalen.   | 1,6 daa, inkludert eksisterande |
| <b>Rubb 8</b>             | NÆ50          | Rubbestadneset | Utviking av eksisterande næringsareal.  | 3,9 daa                         |
| <b>Svortland 2a og 2b</b> | NÆ43, 45      | Svortland      | Utviking av etablert næringsområde knytt til Viergo (kompetanse- og opplæringsbedrift).   | 8,8 daa                         |

|                         |           |           |  |                       |
|-------------------------|-----------|-----------|--|-----------------------|
| <b>Svortland<br/>15</b> | NÆ32      | Svortland | Utviding av eksisterande næringsareal. Tilpassing til utbygd situasjon. Innspelet er justert slik at ny utbygging ikkje kjem nærmere vatnet enn i dag. | 0,5 daa               |
| <b>Goddo 3</b>          | NÆ8       | Goddo     | Utviding av næringsarealet knytt til Bremnes Seashore sitt settefiskanlegg i Skålevik.   | 36 daa                |
| <b>Meling 10</b>        | NÆ18, 23, | Meling    | Utviding av næringsarealet kring Bremnes Seashore sitt anlegg i Øklandsvågen. Totalt to areal.   | 8 daa                 |
| <b>Langevåg 2</b>       | NÆ83      | Langevåg  | Utviding av næringsområdet knytt til Eidesvik settefiskanlegg.   | 20 daa                |
| <b>Langevåg 5</b>       | NÆ91, 92  | Langevåg  | Utviding av eksisterande næringsareal kring Hovlandshagen fiskerihamn.   | 223 daa (sjø og land) |
| <b>Langevåg<br/>10</b>  | NÆ88      | Langevåg  | Dels utbygd område som har arealføremål offentleg/privat tenesteyting og bustad i dag.   | 3,9 daa               |

Av større utvidinger av næringsområde som er tilrådd, heilt eller delvis, og lagt inn i planen er utviding av fiskerihamna i Langevåg, utviding av Eidesvik settefisk i Langevåg , utviding av Skålevik settefiskanlegg på Goddo, og utviding av Bremnes Seashore sitt anlegg i Øklandsvågen. I desse områda er samfunnsnytten (næringsliv og sysselsetting) vurdert til å vera svært viktig, og områda er tilrådd positivt sjølv om dei er i konflikt med registreringar i området. Særleg gjeld dette for utviding av fiskerihamna i Langevåg, og utviding av anlegget til Eidesvik, der det er konfliktar knytt til naturtypar/naturmangfold og kulturminne.

#### 4.7.1 Konklusjon næringsverksemد

Samla er det ein auke på om lag 334 daa i areal avsett til næringsføremål i den nye kommuneplanen. Totalt er endringane knytt til næringsføremål vurdert til å ha negative verknader mellom anna for naturmangfold og kulturminne, medan verknadane for næringsliv og sysselsetting er positive.

## 4.8 Næring, kystfiske

Det er lagt inn 6 nye areal til næring, kystfiske i planen. Desse utgjer om lag 22,4 dekar totalt. I hovudsak er endringane endring frå LNF eller bruk og vern av sjø og vassdrag til næringsføremålet, samt mindre endringar frå naust eller bustad til næring, kystfiske.

Innspela knytt til dette arealføremålet er i all hovudsak teke inn i planframlegget, dersom dei ikkje er i vesentleg konflikt med registrerte interesser eller verdiar. Denne bruken av strandsona, til sjøretta næring, er i tråd med føringar i SPR for strandsona og strandsoneretteliaren for Vestland. Innspela er i stor grad område som allereie er i bruk til føremålet i dag, og konsekvensane av ei arealbruksendring er såleis avgrensa.

I tidlegare versjonar av kommuneplanen har desse områda vore sett av til naust – kystfiske. Det er no vurdert som meir hensiktsmessig å nytte næringsføremål på desse områda, for på den måten å skilje dei tydeleg frå vanlege naustområde, som har andre krav til utbygging. Eksisterande areal sett av til naust – kystfiske er endra til næring – kystfiske i planframlegget.

Områda avsett til næring - kystfiske har eigne føringar i føresegnene, som mellom anna sikrar at det kan byggast større bygg/naust.

#### 4.8.1 Konklusjon næring – kystfiske

Samla er det lagt inn 22,4 dekar til næring, kystfiske i den nye kommuneplanen. I hovudsak er endringane små i areal, og i stor grad tilpassingar til eksisterande situasjon. Verknader for miljø og samfunn er vurdert til å vera uendra samanlikna med KPA 2013, og positiv verknad for lokal næringsliv og sysselsetting.

#### 4.9 Naustføremål og småbåtanlegg

Det er lagt inn 18 nye areal for naust, til saman om lag 23,5 daa og 3 areal for småbåtanlegg (ca. 19,2 daa). Endringa til småbåtanlegg omfattar i hovudsak (16 daa) endring frå kombinert føremål som opnar for småbåtanlegg til reitn smábåtanlegg føremål. Vurderingane av naustinnspel er gjort i tråd med føringar i SPR for strandsona og strandsonerettleien for Vestland. Det er berre område der det er etablerte tiltak i dag, utviding av eksisterande naust- og småbåtanleggområde eller justeringar av eksisterande naustområde som er tilrådd positivt i ny plan. Det er ikkje lagt inn heilt nye naustområde eller småbåtanlegg i urørt strandsone utan infrastruktur. Det er sett byggegrense eller plankrav for naustområda, og arealføremålet saman med føresegrnene gir føringar for omfang av utbygginga.

Følgjande areal er sett av til naustføremål og småbåtanlegg i planframlegget:

| ID i KU                       | Delområde      | Skildring  | Areal (daa) |
|-------------------------------|----------------|--|-------------|
| <b>Brandasund 5</b>           | Brandasund     | Endring frå næring og bustad til naustføremål. Ingen naust innanfor arealet i dag. Ligg i tilknyting til etablert bustadområde mm  | 3,4 daa     |
| <b>Goddø 8a, 8b</b>           | Goddø          | To delområde med endring frå LNF-spreidd bustad til naust. Utviding av eksisterande naustføremål. Ligg i tilknyting til etablert bustadar  | 0,7 daa     |
| <b>Svortland 4</b>            | Svortland      | Endring frå kombinert føremål til reitn føremål for småbåtanlegg i Urangsvågen. Det er etablere bryggjar og båtplassar i området   | 16 daa      |
| <b>Rubb 14</b>                | Rubbestadneset | Endring frå LNF til naust. Etablerte naust og tiltak innanfor arealet. Ligg i tilknyting til bustadar og hytter.   | 3,4 daa     |
| <b>Rubb 15</b>                | Rubbestadneset | Endring frå LNF til naust. Etablerte naust og tiltak innanfor arealet. Ligg i tilknyting til bustadar og framtidig LNF-spreidd føremål.  | 0,2 daa     |
| <b>Rubb 16</b>                | Rubbestadneset | Endring frå LNF til naust. Ingen naust innanfor arealet i dag, men det grenser til etablert kai. Ligg i tilknyting til etablert fritidsbustad.   | 0,1 daa     |
| <b>Foldrøy 1a-b</b>           | Foldrøy        | Siggarvågen, endring frå kai til naust (tidlegare ferjeleie), og frå bustad til naust. Utviding av naustføremål. Ingen naust innanfor areala i dag. Ligg i tilknyting til etablert bustadområde. | 1,5 daa     |
| <b>Finnås 1a-d</b>            | Finnås         | Straumøy, endring frå LNF til naust. Etablerte naust og flytebrygger i dei to delområda. Ligg i tilknyting til etablert hytteområde.   | 2,5 daa     |
| <b>Finnås 2c</b>              | Finnås         | Endring frå LNF til naust. Eitt naust innanfor arealet i dag. Utviding av naustføremål. Ligg i tilknyting til etablert bustad- og hytteområde.   | 4,2 daa     |
| <b>Finnås 3b, 6b, 6c og 7</b> | Finnås         | Kuleseidkanalen/Hetlevika, 4 del-område. Endring frå LNF til naust. Tre av arealet er utbygd. Eitt av  | 4,9 daa     |

|                          |          |  |   |
|--------------------------|----------|--|---|
|                          |          | arealet er utviding av naustføremål. Alle ligg i tilknyting til etablerte bustadområde.  |   |
| <b>Finnås 13a</b>        | Finnås   | Endring fra LNF-spreidd bustad til naust. Ingen naust innanfor arealet i dag. Ligg i tilknyting til naustområde og spreidd busetnad.   | 0,5 daa   |
| <b>Gilje 8b</b>          | Gilje    | Endring fra LNF til småbåtanlegg. Ingen naust innanfor arealet i dag, men kaianlegg. Ligg i tilknyting til framtidig LNF-spreidd bustadområde.   | 1,7 daa   |
| <b>Gilje 9e-f</b>        | Gilje    | Oppheva reguleringsplan. Nytt areal til naust er knytt til etablert naust og bryggjer.   | 1,2 daa   |
| <b>Gilje 11a</b>         | Gilje    | Endring fra LNF til naust. Ingen naust innanfor arealet i dag. Ligg i tilknyting til etablert fritidsbustadområde.   | 0,5 daa   |
| <b>Langevåg<br/>1b-c</b> | Langevåg | Endring fra bruk og vern av sjø og vassdrag til naust. Utviding av naust-føremål. Etablert kaianlegg innanfor føremålet. Føremål småbåtanlegg er knytt til etablerte bryggjar og båtplassar. | 0,3 daa<br>naust og<br>1,4 daa<br>småbåt-<br>anlegg |

I tillegg til at det er teke inn nye areal til naust/småbåtanlegg er ein del naustføremål i kommuneplan frå 2013 endra til andre utbyggingsføremål eller LNF-føremål. Samla utgjer desse endringane om lag 10 dekar. Endringane er i hovudsak endring frå naust til næringsføremål (inkl. kystfiske) eller kombinert føremål naust/næring (Øklandsvågen).

#### 4.9.1 Konklusjon naustføremål og småbåtanlegg

Samla er det lagt inn 23,5 daa naustføremål og 19,2 daa areal til småbåtanlegg. Totalt sett er endringane knytt til naustføremål relativt små i areal, og i stor grad tilpassingar til eksisterande situasjon. Verknader for miljø og samfunn er vurdert til å vera tilnærma uendra samanlikna med KPA 2013.

#### 4.10 Kombinerte bygge- og anleggsføremål

Det er lagt inn 7 nye kombinerte bygge- og anleggsføremål på bakgrunn av konsekvensutgreidde areal i planen. Samla utgjer desse arealet om lag 64,8 dekar.

Følgjande areal er sett av til kombinerte føremål i planframlegget:

| ID i KU                 | ID i plankart | Delområde | Skildring  | Areal (daa) |
|-------------------------|---------------|-----------|--|-------------|
| <b>Svortland<br/>4c</b> | B/NÆ/UNB      | Svortland | Området har i dag føremål kombinert bustad/næring/småbåtanlegg, og omfattar sjøområda i Urangsvågen. Nytt føremål på deler av landsida er kombinert føremål bustad/næring/naust.                     | 13,7 daa    |
| <b>Meling 10f</b>       | NÆ/UNB        | Meling    | Arealet ligg i tilknyting til Bremnes Seashore sitt anlegg i Øklandsvågen. Føremålet i gjeldande plan er naust og området er dels bygd ut med naust. Nytt arealføremål er kombinert naust og næring. | 3,9 daa     |
| <b>Meling 12</b>        | B/NÆ/UNB      | Meling    | Gjeldande arealføremål er naust (kultur-historisk verdi), nytt arealføremål er   | 1,2 daa     |

|                        |        |                |   |          |
|------------------------|--------|----------------|---|----------|
|                        |        |                | kombinert næring, bustad, naust og kai, meir i tråd med gjeldande bruk av området.  |          |
| <b>Finnås 16a</b>      | FB/FTU | Finnås         | Arealendringa skal medverke til å kunne utvikle turist-/reiselivsanlegg i området. Nytt arealføremål er kombinert fritid- og turisme/næring | 30 daa   |
| <b>Foldøy<br/>4c-d</b> | FB/FTU | Foldøy         | Område for fritidsbustad (ca. 21,4 daa) og LNF (ca. 3,4 daa) i KPA 2013, endra til kombinert føremål fritidsbustad/næring.                  | 24,8 daa |
| <b>Rubb 10</b>         | B/NÆ   | Rubbestadneset | Endring frå bustad til kombinert bustad/næring, i tråd med faktisk bruk av området.   | 4 daa    |

Fleire av desse arealendringane er gjennomført for å tilpasse planen betre til faktisk situasjon. Når det gjeld Kuleeidkanalen og Øklandsvågen er dette større areal som omfattar framtidig planlagt utbygging. Desse areala er det plankrav på (#1), då det er behov for meir detaljert og heilskapleg planlegging i desse områda.

#### 4.10.1 Konklusjon Kombinerte føremål

Samla er endringane knytt til kombinerte føremål i stor grad tilpassingar til eksisterande situasjon. For desse områda er verknader for miljø og samfunn vurdert til å vera uendra samanlikna med KPA 2013. For areala i Øklandsvågen og Kuleeidkanalen vil endringane innebera positive konsekvensar for samfunn, men noko negative konsekvensar for miljø, samanlikna med dagens situasjon.

#### 4.11 Andre føremål

I det følgjande er det gitt ei oversikt over andre føremål som er lagt inn i planframlegget. Dei største arealendringane omfattar grønstruktur i tilknyting til området kring Kuleeidkanalen, og utvidingane på Ersland knytt til massedeponi og steinuttak. Føresegnsområdet i tilknyting til Bremnes Seashore sitt anlegg i Øklandsvågen er også relativt stort i areal, men medfører ikkje arealbeslag på same måte som dei andre arealendringane.

| ID i KU                | ID i plankart | Delområde | Føremål og skildring  | Areal (daa) |
|------------------------|---------------|-----------|---|-------------|
| <b>Finnås 5b</b>       | FRI19         | Finnås    | Friområde kring eksisterande badestrand i Skjeljarvika.                         | 2 daa       |
| <b>Finnås 9a</b>       | H13           | Finnås    | Kai/gjestehamn i tilknyting til Gullvegen gardstun og Gullvegen Stormhytter AS. | 0,7 daa     |
| <b>Finnås 16c</b>      | GBG27         | Finnås    | Grønstruktur i tilknyting til Kuleeidkanalen.                                   | 37,3 daa    |
| <b>Finnås 16d</b>      | SH23          | Finnås    | Ny småbåthamn ved Kuleeidkanalen.   | 4,2 daa     |
| <b>Gilje 13a og 14</b> | RU            | Gilje     | Steinuttak i tilknyting til eksisterande masseuttak på Ersland.                 | 26,7 daa    |
| <b>Gilje 13b</b>       | DEP           | Gilje     | Massedeponi i tilknyting til eksisterande masseuttak på Ersland.                | 27 daa      |

|                         |          |                |   |                           |
|-------------------------|----------|----------------|---|---------------------------|
| <b>Meling 10a</b>       | #6_1     | Meling         | Føresegnsområde for utbetring av seglingstilhøve i tilknyting til Bremnes Seashore sitt anlegg i Øklandsvågen | 36,3 daa                  |
| <b>Rubbestadneset 9</b> | SH13, 14 | Rubbestadneset | Småbåthamn ved innløpet til Stongarvågen.   | 16,4 daa<br>(land og sjø) |

## 5 Samla skildring av endringar, delområde i kommunen



### 5.1 Brandasund

Det er tilrettelagt for to nye/utvidingar av næring/kystfiske i delområdet, ei utviding av eksisterande LNF-spreidd område, og ei endring frå forretning/bustad til naust. Desse er ikkje vurdert til å vera i vesentleg konflikt med registrerte interesser i området. I tillegg er det tatt ut eit bustadområde som ligg på Kvernanes i kommuneplan 2013. Det er såleis lagt til rette for ei viss utvikling, med høve til utbygging av nokre få nye einingar i område til LNF-spreidd bustad.

### 5.2 Goddo

Det er lagt inn utvida næringsareal kring settefiskanlegget i Skålevik. Det er tatt ut eit ubygda bustadområde på austsida av Goddo. På Sæverudsøy er det lagt inn nokre mindre justeringar på naustføremål. Arealendringane legg såleis til rette for utviding av næringsaktiviteten kring Skålevik. Samla er det ikkje lagt opp til større endringar i delområdet.

### 5.3 Rolfsnes

I delområde Rolfsnes er det lagt inn ei mindre utviding av eit bustadføremål, knytt til eit område som er dels utbygd.

## **5.4 Svortland**

Når det gjeld bustad er det gjort endringar i LNF-spreidd området ved Stavland (Storavatnet). Deler av området er endra til bustadføremål, medan mindre deler av området er endra til LNF. Det er lagt inn ei utviding av bustadområdet Raunevarden, og elles lagt inn nokre mindre justeringar på bustadområde. Av næringsområde er det lagt inn noko utviding kring næringsområdet ved Viergo, og elles ei justering på eksisterande næringsområde i sentrum.

Svortland er kommunesenteret i Bømlo. Det er kome fleire innspel på bustadområde kring Svortland, men desse er i stor grad i konflikt med dyrka mark, og er såleis ikkje positivt tilrådd i konsekvensutgreiinga.

## **5.5 Meling**

Det er lagt inn nokre mindre LNF-spreidd og bustadføremål, i område som er heilt eller dels bygd ut. I tillegg er det lagt inn ei endring frå LNF-spreidd til bustadføremål i eit dels utbygd område ved Nese. Kring Øklandsvågen er det lagt inn endringar/utvidingar av næringsføremål.

## **5.6 Gilje**

Det er lagt inn eit næringsområde til sjø på Alvsåg, i eit område som ligg som bustadføremål i dag, men som i stor grad er bygd ut med industribygg og kaianlegg. I tillegg er det lagt inn ei utviding av næringsføremålet på Fylkesnes, kring basen til Fylkesnes fisk. På Ersland er det lagt inn utvida føremål for råstoffutvinning og massedeponi. Når det gjeld bustad er det lagt inn nokre område med LNF – spreidd bustad i område som er heilt eller dels utbygde. I tillegg er det lagt inn eit mindre bustadareal i nærliken av Giljevatnet, i eit område som er omfatta av reguleringsplan i kommuneplan 2013. I tillegg til desse arealendringane er det gjort mindre endringar i naustføremål, knytt til flytting av føremål og etablerte tiltak.

Oppsummert for Gilje er det lagt til rette for næringsføremål, og i mindre grad for nye bustadområde/-eininger i delområdet.

## **5.7 Finnås**

Innanfor delområdet er det lagt til rette for nye naustføremål med småbåtanlegg i område der det allereie er etablerte tiltak. Det er lagt inn to mindre utvidingar av bustadområde, i tillegg er det lagt inn noko areal til LNF-spreidd bustadbygging. To område er justeringar/mindre utvidingar av eksisterande føremål, mens eitt område, på Oldereid, er nytt. Området er i hovudsak avgrensa til allereie utbygde område. Det er lagt inn to område for fritidsbustad, som er justeringar av eksisterande føremål. Det er lagt inn eitt område som næring, kystfiske, i område med eksisterande næringssnaust, og eitt justert næringsområde knytt til gardsturisme med tilhøyrande friområde/badevik i Skjeljarvika. Ved Gullvegen gardstun på Lykling er det lagt inn kai/gjestehamn og to fritid- og turistføremål for bobilparkering. Det er i tillegg flytta eit LNF-spreidd bustadbygging, og det er lagt inn eitt fritid- og turistføremål for hyttebygging i staden for eit tilgrensande eksisterande område for fritidsbustader, som er tatt ut av planen. I området kring Kuleseidkanalen er det lagt inn kombinert føremål fritid/turisme/næring, grønstruktur, småbåthamn og næring. Arealendringane er spelt inn med tanke på å utvikle turist-/reiselivsanlegg i området.

Finnås er definert som eit lokalsenter i kommunen. Gjennom planframlegget vert det lagt til rette for noko ny/endra arealbruk i området. Dette kan vera med på å byggje opp under sentrumsområdet, og vidare utvikling mellom anna knytt til området kring Kuleseidkanalen.

## **5.8 Langevåg**

Det er lagt inn ei større utviding av fiskerihamna i Hovlandshagen, som dekkjer både sjø og land. I tillegg er det lagt inn utviding av næringsområdet kring Eidesvik settefisk, og eit mindre areal i Langevåg sentrum er endra frå offentleg/privat tenesteyting og bustad til næring. På Vorland er det lagt inn eit areal til fritid/turisme. Ved Kallavåg er deler av eit LNF-spreidd område endra til bustadføremål. Området er dels utbygd.

Langevåg er definert som eit lokalsenter i kommunen. Gjennom planframlegget vert det lagt til rette for noko ny arealbruk i området, i hovudsak knytt til næringsverksemd. Dette kan vera med på å byggje opp under sentrumsområdet.

### **5.9 Espenvær**

Det er ikkje lagt til rette for arealbruksendringar på bakgrunn av innkomne innspel i delområdet. Eitt innkome innspel på bustad er vurdert til å vera i konflikt med naturmangfold og landskap, og er såleis ikkje tilrådd. Det er tatt ut eit bustadområde som ligg i kommuneplan 2013. Dette omfattar heile Dørøy. Området er ubygde, og nye føringar knytt til arealbruk og lokalisering gjer at det er eit areal det er unrealistisk å byggje ut.

### **5.10 Rubbestadneset**

Det er lagt inn nokre større bustadområde i delområdet. Mellom anna er deler av eksisterande LNF spreidd område like nord for sentrum endra til bustad, og eit areal ved Gjøsætre er endra frå fritid/turisme til LNF spreidd bustad. Når det gjeld næring er det lagt inn ei utviding av næringsføremålet på sørsida av Bremnesvegen, ved rundkjøringa til Rubbestadneset, og det er gjort mindre justeringar knytt til næring, kystfiske og kombinert bustad/næringsplass på mindre areal. Det er lagt inn eit areal til småbåthamn med tilhøyrande infrastruktur på land ved innløpet til Stongarvågen.

Rubbestadneset er definert som eit lokalsenter på Børmlø. Gjennom arealendringane i planframlegget vert det lagt inn meir bustadareal i delområdet, og relativt tett på sentrum. Dette vil vera med på å byggje opp under Rubbestadneset som lokalsenter i kommunen.

### **5.11 Foldrøy**

Det er lagt til ei mindre utviding av bustadføremålet i Siggjarvågen, i tillegg til eit par mindre naustområde i same området. To område som i stor grad er utbygd er lagt inn som LNF spreidd, og det er lagt inn ei utviding av etablert bustadområde ved Stølshaugane. Ved Mækjebekkvatnet er det lagt inn kombinert føremål fritid/fritid- og turisme på deler av eit område som ligg som fritidsføremål i kommuneplan 2013, mens deler av føremålet er endra til LNF. Ein eksisterande fritidsbustad i same område er lagt inn med føremål fritidsbustad. Ved Stokkavika er det lagt inn ei utviding av næringsføremål som næring, kystfiske. Samla er det såleis lagt inn noko meir areal til bustad/LNF spreidd bustad i planframlegget, i tillegg til at det vert lagt til rette for noko næringsverksemd i form av fritid/turisme og kystfiske.

Foldrøy er ikkje definert som eit lokalsenter i kommunen, men området ligg relativt sentralt plassert i kommunen, og i relativt kort avstand frå Rubbestadneset.

### **5.12 Moster**

I delområde Moster/Mosterhamn er det gjort ein del mindre endringar til bustadføremål i område som er bygd ut, eller der deler av tomter ligg i LNF-område. I tillegg er ein relativt stor del av eksisterande bustadområde tilbakeført til LNF-føremål, på bakgrunn av innkome arealinnspel. Deler av eit anna bustadføremål er gjort om til LNF på bakgrunn av nærliek til sjø og overlapp med myrområde. Det er lite arealendringar i nærlieken av sjølve Mosterhamn sentrum. Mosterhamn er definert som eit lokalsenter i kommunen.

## 6 Samla vurdering per utgreiingstema

### 6.1 Naturmangfald

#### 6.1.1 Status og verdiar i kommunen

Kunnskapsgrunnlag for konsekvensutgreiinga av enkeltareal er mellom anna registreringar av naturtypar, artsregistreringar, verneområde, viltområde og gytefelt. Det er gjennomført NiN-kartlegging av naturtypar i den sørlege delen av Bømlo dei seinare åra, og det er mellom anna registrert større område med kystlynghei. Dette er ein naturtype, med viktige verdiar både med omsyn til økosystemtenestar og artsmangfald, men også når det gjeld kulturhistorie, rekreasjon og opplevingsverdiar. Kystlyngheimråda er av varierande kvalitet og tilstand. Kystlynghei er ein utvald naturtype, og dette gjer at områda er registrert med relativt høg verdi, sjølv om kvaliteten og tilstanden ikkje er like høg overalt. Hole eiker er ein annan utvald naturtype, med ein del registreringar i kommunen.

Dei nordlege delane av kommunen er ikkje like grundig kartlagt med omsyn på naturtypar. Det er difor ein risiko for at det kan vera naturtypar i området som ein ikkje kjenner til, og som såleis ikkje er vurdert i konsekvensutgreiingane. Sjå dekningskart som viser kva område som har hatt NiN-kartlegging av naturtypar.


Det er eit aukande fokus på myrområde, og dei viktige funksjonane som desse har. Dette inkluderer mellom anna at myrområde er viktig levestad for både planter og dyr, og har i tillegg ein funksjon som karbonlager, og bidreg til å dempe flaum og reinse vatn.

Det er ei sterk kopling mellom naturmangfald (viltområde og naturtypar) og tema friluftsliv og kulturlandskap. Til dømes vil omsynssoner for friluftsliv og kulturlandskap ofte også vere knytt til viktige og verdifulle naturområde.

#### 6.1.2 Konsekvensar av planframlegget

Alle endringar frå LNF til utbyggingsføremål vil ha ein negativ konsekvens for naturmangfald, så lenge området ikkje allereie er utbygd. Dette gjeld uavhengig av om det er registreringar av naturmangfald innanfor eit område, då arealendringar og nedbygging av natur er ein av dei største truslane mot biologisk mangfald i dag. Fleire av arealbruksendringane vil få negative konsekvensar med omsyn til naturmangfald, medan fleire av områda allereie er bygd ut, og føremålsendringane vil såleis ikkje medføre auka negativ konsekvens for naturmangfald. Generelt er det relativt få urørte område som er lagt med nytt utbyggingsføremål i planen, og få område som er i konflikt med viktige registreringar knytt til naturmangfald. Område/areal som har vore i konflikt har i stor grad blitt negativt tilrådd gjennom konsekvensutgreiinga.

Det er relativt store område registrert med naturtypen kystlynghei, særleg i den sørlege delen av kommunen. Nokre nye utbyggingsområde på areal med kystlyngheiregistreringar er positivt tilrådd i konsekvensutgreiinga. Dette gjeld mellom anna Lyklingområdet – Gullvegen gardstun og utviding av næringsområda Hovlandshagen og Eidesvik settefiskanlegg i Langevåg. Bakgrunnen for dette er at samfunns- og næringsinteressene er vurdert til å vera svært viktige i desse områda.



Figur 1 Dekningskart, som viser kva område i kommunen som er omfatta av NiN – naturtypekartlegging

### 6.1.3 Konsekvensar av planframlegget - Myr

Per januar 2023 er det nesten 5.000 dekar areal klassifisert som myr i Bømlo kommune (kjelde Ar5 FKB). Myr er viktige område både med omsyn til naturmangfald og leveområde for artar, og med omsyn til at dei er karbonrike areal. I konsekvensutgreiinga har det vore fokus på myrområde både med omsyn til fagtema naturmangfald, men også knytt til funksjonen myrområda har som karbonrike areal. Mange innkomne innspel er såleis negativt tilrådd dels grunna overlapp med myrområde, eller dei er justert til å leggast utanom myrområde.

I kommuneplan frå 2013 ligg det om lag 344 daa myr innanfor utbyggingsføremål og reguleringsplanar (H910). Dette utgjer om lag 7 % av registrert myr i kommunen. Mykje av dette ligg innanfor godkjente reguleringsplanar (om lag 161 daa).

Det er omdisponert om lag 17 daa myr i planframlegget, frå LNF til utbyggingsføremål. Fleire av desse arealendringane omfattar endring frå eitt utbyggingsføremål til eit anna. Dersom ein fokuserer på areal som er endra frå LNF til utbyggingsføremål, er det om lag 15 daa myr som er omdisponert i planframlegget. Dette er fordelt på føremål som vist i tabellen under.

| Føremål i planframlegget | Areal (daa) |
|--------------------------|-------------|
| <b>L NFS</b>             | 4           |
| <b>Bustad</b>            | 3           |
| <b>Fritid og turisme</b> | 2           |
| <b>Næring</b>            | 5           |
| <b>Småbåthamn</b>        | 0,06        |

Som vist i tabellen over er det ca. 4 daa som ligg innanfor område til LNF-spreidd. Det er lagt klare føringer i føresegne som sikrar mellom anna at det ikkje kan byggast på myrområde i desse områda. Det reelle talet på omdisponert myr er såleis lågare enn 15 daa.

Det er omdisponering til næringssføremål som utgjer det største arealet, og det største enkeltarealet omfattar utvidinga ved næringssområdet i Hovlandshagen, Langevåg. I dette området er det ca. 4,7 daa myr som vert omdisponert. Når det gjeld fritid og turisme er det eitt område ved Vorland (Langevåg) som utgjer ca. 2 daa. Dette er eit område som ikkje skal byggast ut, men som skal nyttast til klatrepark og liknande. Her er det potensiale for å integrere myrområde og sikre at myrområda ikkje vert nedbygd.

Det er gjort fleire arealendringar frå utbyggingsføremål til LNF i planframlegget. Mellom anna er det tatt ut nokre større ubygde bustadføremål, mellom anna på bakgrunn av at dei er i konflikt med registrerte myrområde. Totalt er det om lag 47 daa registrert myr som er endra frå utbyggingsføremål til LNF. Det er såleis ca. 30 daa mindre registrerte myrområde som ligg innanfor utbyggingsføremål i planframlegget enn det som låg inne i kommuneplan frå 2013. Sjå vedlegg med arealrekneskap for fleire detaljar.

### 6.1.4 Konsekvensar av planframlegget - Naturtypar på land

Det er i dag registrert naturtypar på om lag 60 000 daa landareal i kommunen, og om lag 52 000 daa av desse er naturtypar som svært viktig eller med stor eller svært stor verdi, sjå oversikt i tabellen under.

| Naturtypar verdi                                     | Totalt i kommunen (daa) | Omdisponert i KPA 2013 (daa) | % omdisponert i KPA 2013 |
|--|-------------------------|------------------------------|--------------------------|
| <b>Svært viktig (A), svært stor eller stor verdi</b> | 51703                   | 1711                         | 3,3 %                    |
| <b>Viktig (B)/Middels verdi</b>                      | 6135                    | 577                          | 9,4 %                    |
| <b>Registrert (C )/låg verdi</b>                     | 2607                    | 33                           | 1,2 %                    |
| <b>Totalt</b>  | <b>60445</b>            | <b>2321</b>                  | <b>3,8 %</b>             |

I planframlegget er om lag 365 daa nye utbyggingsføremål i konflikt med registrerte naturtypar, av desse er om lag 248 daa registrert i NiN kartlegginga svært stor/stor verdi eller Handbok 13 som svært viktig (A). Vidare er om lag 117 daa er registrert i NiN kartlegginga middels verdi eller Handbok 13 som viktig (B). Sjå tabellen under for fordeling på føremål

| Verdi                | Omdisponering i dekar<br>Arealendring i ny KPA |              |            |          |                       |            |          |   |
|----------------------|--|--------------|------------|----------|-----------------------|------------|----------|---|
|                      | NiN naturtypar                                 |              |            |          | Handbok 13 naturtypar |            |          |   |
|                      | Svært stor                                     | Stor         | Middels    | Låg      | A                     | B          | C        |   |
| <b>LNF-spreidd</b>   | 2,9  | 0            | 0,4        | 0        | 0,6                   | 0          | 0        | 0 |
| <b>Bustad</b>        | 5,6  | 0            | 0,2        | 0        | 0                     | 0          | 0        | 0 |
| <b>Nærings</b>       | 126  | 101,5        | 0,1        | 0        | 0                     | 116        | 0        | 0 |
| <b>Grønstruktur</b>  | 0  | 0            | 0          | 0        | 0                     | 0          | 0        | 0 |
| <b>Andre føremål</b> | 10,5   | 0            | 0          | 0        | 0                     | 0          | 0        | 0 |
| <b>SUM utbygging</b> | <b>145,2</b>                                   | <b>101,5</b> | <b>0,7</b> | <b>0</b> | <b>0,6</b>            | <b>116</b> | <b>0</b> |   |

Det er nye næringsareal som gir den klart største omdisponeringa i kommuneplanen. Heile 94 % av arealkonfliktane knytt til naturtypar på land ligg innanfor dette føremålet. Dette er areal som i hovudsak er endra frå LNF til næringsføremål, og såleis utgjer ein reell arealkonflikt. I all hovudsak er arealkonfliktane knytt til det utvida næringsføremålet ved Hovlandshagen, Langevåg. Desse areala er klassifisert som kystlynghei, rik ope sørleg jordvassmyr og semi-naturleg strandeng.

Endringane frå utbyggingsføremål til LNF i planframlegget medfører også at ein del areal med registrerte naturtypar vert tilbakeført til LNF. Dette gjeld totalt om lag 53 daa (NiN kartlagde naturtypar: 20,2 daa svært stor verdi, 15,4 daa stor verdi og 13 daa middels verdi. Handbok 13 kartlagde naturtypar: 0,2 daa verdi A, 1 daa verdi B og 3 daa verdi C).

Planframlegget medfører samla vesentlege negative konsekvensar for registrerte naturtypar på land, i all hovudsak grunna utvidinga ved næringsområda ved Hovlandshagen.

### 6.1.5 Konsekvensar av planframlegget – Skog

Totalt i kommunen er det registrert om lag 99 000 dekar skog. Sjå fordeling på bonitet i tabellen under, og areal som allereie er omdisponert i KPA 2013.

| Bonitet                  | Totalt i kommunen (daa) | Omdisponert i KPA 2013 (daa) | % omdisponert i KPA 2013 |
|--------------------------|-------------------------|------------------------------|--------------------------|
| <b>Svært høg bonitet</b> | 8162                    | 1295                         | 15,9 %                   |
| <b>Høg bonitet</b>       | 41317                   | 5273                         | 12,8 %                   |
| <b>Middels bonitet</b>   | 15200                   | 1434                         | 9,4 %                    |
| <b>Låg bonitet</b>       | 5083                    | 462                          | 9,0 %                    |
| <b>Impediment</b>        | 29053                   | 3238                         | 11,1 %                   |
| <b>Totalt</b>            | <b>98815</b>            | <b>11702</b>                 | <b>11,8 %</b>            |

I ny kommuneplan er om lag 344 daa nye utbyggingsføremål i konflikt med areal klassifisert som skog i AR5. Sjå tabellen under, som viser overlapp mellom nye utbyggingsføremål i ny kommuneplan og registrert skog av ulik bonitet. Det er viktig å påpeike at tala i tabellen under inkluderer alle nye arealføremål i planframlegget, uavhengig av tidlegare føremål. Fleire av dei nye areala er endring frå eitt utbyggingsføremål til eit anna og fleire av arealendringane omfattar område som allereie er utbygd.

| Bonitet                           | Areal overlapp |
|-----------------------------------|----------------|
| <b>Skog, særskilt høg bonitet</b> | 27 daa         |
| <b>Skog, høg bonitet</b>          | 162 daa        |
| <b>Skog, middels og låg</b>       | 40 daa         |
| <b>Skog, impediment</b>           | 116 daa        |

I tabellen under er arealkonflikten mellom nye utbyggingsføremål og registrerte skogområde sortert på føremål. Dei største endringane er fra utbyggingsføremål til LNF i planframlegget. Dette utgjer om lag 182 dekar (svært høg bonitet 32 daa, høg bonitet 106 daa, middels/låg bonitet 32 daa og impediment 13 daa).

| Arealføremål                      | Skog særskilt høg og høg bonitet (daa) | Skog middels, låg og impediment (daa) | Totalt (daa) |
|-----------------------------------|--|---------------------------------------|--------------|
| <b>LNF</b>                        | 138                                    | 45                                    | 183          |
| <b>LNF-spreidd</b>                | 53,5                                   | 61                                    | 114,5        |
| <b>Bustad</b>                     | 49                                     | 38                                    | 87           |
| <b>Fritidsbustad</b>              | 3                                      | 3                                     | 6            |
| <b>Råstoffutvinning</b>           | 12                                     | -                                     | 12           |
| <b>Annan bebyggelse og anlegg</b> | 22                                     | 6                                     | 28           |
| <b>Næring</b>                     | 13                                     | 19                                    | 32           |
| <b>Fritid og turisme</b>          | 16                                     | 10                                    | 26           |
| <b>Andre utbyggingsføremål</b>    | 18                                     | 18,5                                  | 36,5         |

Det er totalt om lag 0,3 % av registrert skogområde i kommunen som vert omfatta av nye utbyggingsføremål i planframlegget. Om lag 50% av skogområda som vert avsett som nye utbyggingsføremål er registrert som skog av særskilt høg og høg bonitet. Som vist i tabellen over er det ca. 115 daa som ligg innanfor område til LNF-spreidd. Areal til LNF-spreidd er ikke ei reel endring då skogsområde med høg og svært høg bonitet er sikra gjennom føreseggnene. Det reelle talet på omdisponert skog er såleis lågare enn vist i tabellen ovanfor.

Skogområda er svært viktige område for naturmangfold, men også når det gjeld karbonlagring. Dei er også viktige med omsyn til friluftsliv og som nærturområde. Sjå også kapittel 6.1.6 om økosystemtenester. Skogen er også ein ressurs, og konsekvensar av tap av skogområde omfattar såleis også tema naturressursar, sjå kapittel 6.5.

#### 6.1.6 Konsekvensar av planframlegget - Økosystemtenester

Det skal gjerast ei vurdering av påverknad på økosystemtenester i samband med konsekvensutgreiinga. Økosystemtenester er goder og tenester me får frå naturen, og som bidrar til velferd for menneske, både direkte og indirekte. Omgrepet omfattar både fysiske og ikkje-fysiske goder. Økosystemtenestene er delt inn i fire kategoriar; Grunnleggande livsprosessar (som til dømes fotosyntese og primærproduksjon), forsynande tenester (som til dømes mat, ferskvatn), regulerande tenester (som til dømes regulering av klima, luftkvalitet og beskyttelse mot naturskade) og kunnskaps- og opplevingstenester (som til dømes rekreasjon og friluftsliv, estetiske verdiar, naturarv).

Grunnleggande livsprosessar, som til dømes fotosyntese, vil verta påverka ved nedbygging av urørt natur, skogområde og landbruksjord.

Når det gjeld forsynande tenester vil det kunna omfatta matproduksjon frå jord, skog og sjø, råstoff frå jord og skog, eller ferskvatn. Omdisponering av dyrka mark vil påverke økosystemtenestene negativt, samt tap av skogområde, eller påverknad på ferskvatn som kan nyttast som drikkevatn.

Når det gjeld regulerande økosystemtenester, vil dette omfatta mellom anna klimaregulering, til dømes i form av karbonlagring. I tillegg vil intakt natur, som til dømes våtmark og skog, medverke til å dempe flaum og erosjon.

Når det gjeld kunnskaps- og opplevelingenstenester omfattar det mellom anna friluftsliv i mange former, i tillegg til bevaring av kulturminne og kulturmiljø og opplevingsverdien som naturen kan gi.

Temaet økosystemtenester vil såleis vera overlappande med både tema naturressursar og naturmangfold, i tillegg til KU-tema karbonrike areal i KU-ane av enkeltinnspeil. Det er i liten grad lagt inn nye utbyggingsføremål i urørt natur, med unntak av nokre utvidingar av næringsområde til sjø. For areal registrert som myr og dyrka mark er det omdisponert meir areal til LNF enn det er lagt inn nye utbyggingsareal som er i konflikt med myr og dyrka mark. Dette vil vera positivt med omsyn til økosystemtenester. For skogområde er det omdisponert noko meir areal til utbyggingsføremål enn areal som er tilbakeført frå utbyggingsføremål til LNF. Det er også omdisponert ein del areal med svært viktige og viktige naturtypar. Dette vil medføre negative konsekvensar med omsyn til økosystemtenester.

I plankartet er alle 23 naturvernområde i Bømlo kommune sikra med bandleggingssoner og tilhøyrande føresegner. Føresegnene viser til forskrift tilhøyrande kvar enkelt verna område. Datagrunnlaget er henta ut frå Geonorge.no 25.10.2022 (kjelde Miljødirektoratet).

Det er mange registrerte og kartfesta område for naturmangfold på land og i sjø kommunen. I plankartet er utvalde naturtypar synt med omsynsone bevaring naturmiljø (H560) og tilhøyrande retningslinje. Dette utgjer om lag 180 kartfesta naturtypelokalitetar. Datagrunnlaget er henta ut frå Geonorge.no 01.08.2023 (kjelde Miljødirektoratet). I tillegg til dette sikrar felles føresegnene vurdering etter naturmangfaldslova og der det er aktuelt vassforskrifta. Vidare er føremål gyte- og oppvekstfelt i sjø synt i plankartet med tilhøyrande føresegn.

### **6.1.7 Konklusjon naturmangfold**

Gjennom konsekvensutgreiingane av enkeltinnspeil har naturmangfold blitt ivaretatt ved at fleire innspeil har blitt negativt tilrådd eller justert på bakgrunn av arealkonflikt mellom anna med naturmangfold. Det er i all hovudsak nokre næringsinnspeil som har blitt positivt tilrådd til tross for vesentleg konflikt med naturmangfold, og det viser tydeleg igjen i arealrekneskapet.

Dersom ein ser vekk frå arealendring til næringsområde i Langevåg, er konsekvensane for naturmangfold relativt uendra sett i forhold til kommuneplan frå 2013 og registrerte verdiar. Mange av arealendringane til ny utbyggingsføremål i ny kommuneplan er knytt til bygde område og er av relativt avgrensa storleik. I tillegg til omdisponering til utbyggingsføremål har kommunen starta arbeidet med å vurdere eignaheit for ubygde og eksisterande utbyggingsføremål. Dette har medført at nokre større utbyggingsføremål er endra til LNF-føremål.

## 6.2 Friluftsliv

### 6.2.1 Status og verdiar i kommunen

Bømlo er frå naturen si side rik på område med gode kvalitetar for friluftsliv på og ved sjøen. Det er fleire statleg sikra friluftsområde, i kommunen, og relativt store areal er registrert som regionalt viktige friluftslivområde (alle med svært viktig eller viktig verdi). I konsekvensutgreiinga av enkeltareal innanfor 100-metersbeltet mot sjø er tema friluftsliv vurdert med relativt høge konsekvensar, uavhengig av om områda har registreringar knytt til friluftsliv. Dette på grunn av at friluftsliv er ein viktig del av strandsoneverdiane. Konsekvensar for friluftsliv er såleis vurdert på bakgrunn av registrerte friluftslivområde og tilgjengeleg strandsone, for dei innspela det er aktuelt for.

### 6.2.2 Konsekvensar av planframlegget

Fleire av innspela i strandsona vil ha negative konsekvensar for friluftsliv på grunn av at strandsona i området vert nedbygd og meir privatisert som følgje av innspelet. Dette gjeld i særskilt grad for bustad-, nærings- og fritidsbusADFfremål, og i litt mindre grad for innspel knytt til naustområde. Den negative verknaden vil vera mindre for innspel der det allereie er etablerte tiltak i området, og størst i urørte område. Strandsone er nærmere omtala i kapittel 6.6.

Per januar 2023 er om lag 109 000 daa fordelt på 31 areal, klassifisert som kartlagde friluftområde i Bømlo kommune. Dei registrerte friluftslivområda i kommunen er store og grove, og det er behov for ein revisjon av desse. I tillegg til desse 31 områda er det 12 statleg sikra friluftsområde (ca. 1500 dekar) i kommunen.

I kommuneplan frå 2013 er det om lag 3900 daa utbyggingsfremål og reguleringsplanar som overlappar med registrerte viktige eller svært viktige friluftslivområde. I ny kommuneplan overlappar om lag 138 daa av endringane til utbyggingsfremål med registrerte friluftsområde, sjå tabell under. Av arealendringar i ny kommuneplan er det LNF-spreidd område (om lag 56 daa overlapp med svært viktig friluftsområde) og råstoff/deponi (25 daa overlapp med svært viktig friluftsområde) som utgjer den største omdisponeringa. Det er ingen arealendringar som er i konflikt med statleg sikra friluftsområde.

| Fremål i planframlegget | Svært viktig friluftsområde (daa) | Viktig friluftsområde (daa) |
|-------------------------|-----------------------------------|-----------------------------|
| LNF spreidd             | 56,4                              |                             |
| Råstoff/deponi          | 24,7                              |                             |
| Fritid                  | 3,1                               |                             |
| Andre fremål            | 15,6                              | 6,3                         |

Arealendringar i planframlegget medfører også at om lag 74 daa friluftsområde registrert som svært viktig vert tilbakeført frå utbyggingsfremål til LNF (52 daa) og bruk og vern av sjø og vassdrag (22 daa).

Det er i all hovudsak eitt nytt LNF – spreidd fritid område på Hjartnes (ca. 54 daa) som overlappar med svært viktige friluftslivområde. Innspelet dekkjer nokre allereie utbygde fritidsbusADFader, og det er lagt føringer for at det ikkje skal byggast fleire fritidsbusADFader i området.

På Straumøy er det lagt inn to mindre areal som ei utviding av eksisterande fritidsbusADFfremål, og to mindre naustområde som er heilt og dels utbygd. I områda kring Kuleeidkanalen er det lagt inn naust/småbåtanleggfremål og småbåthamn som overlappar med dette området.

Områda langs Sakseidvegen, avsett til råstoffutvinning (ca. 25 daa), overlappar dels med det svært viktige friluftslivområdet Svortlandsmarka. Området er skildra med enkle turar som passar for barn, eller lengre for vaksne. Merka løyper.

Småbåthamn-området ved Stongarvågen (ca. 4 daa) overlappar dels med det viktige friluftslivområdet Stongarvågen/Steinfjellet, som er skildra som lett turterreng med delvis grusa sti.

I plankartet er alle kartlagde friluftsområde og statleg sikra friluftsområde vist med omsynssone friluftsliv (H530) og tilhøyrande retningslinje. Dette omfattar 36 omsynssoner for friluftsliv. Datagrunnlaget er henta ut frå Geonorge.no 25.10.2022 (kjelde Miljødirektoratet). I tillegg til dette er naturområde som ikkje er kartfesta som friluftsområde sikra gjennom arealføremål LNF og felles føresegner.

### 6.2.3 Konklusjon friluftsliv

Når det gjeld enkeltinnspel er den største arealkonflikten eit område for LNF-spreidd fritid, som overlappar med eit svært viktig friluftsområde. Dette området er lagt inn i ny kommuneplan for å ivareta utbygd situasjon, men det skal ikkje opnast for fleire einingar i området. Konsekvensen er såleis uendra. Når det gjeld overlapp mellom dei utvida råstoff/deponiområda på Ersland og svært viktig registrert friluftslivområde vil dette medføre negative konsekvensar for friluftsliv. Samstundes som ein omdisponerer friluftsområde til utbyggingsføremål har ein også sikra at om lag 74 daa friluftsområde er tilbakeført frå utbyggingsføremål til LNF, og alle friluftsområda er synt som omsynssone friluftsliv H530 med tilhøyrande retningslinje.

Samla sett er verknaden av planframlegget for friluftsliv vurdert til å vera avgrensa.

## 6.3 Landskap

### 6.3.1 Status og verdiar i kommunen

Bømlo er eit typisk kystlandskap med mange øyar, skjergard, skjerma vikar og med eit karakteristisk landemerke i den høgaste toppen i kommunen Siggjo. Landskapet i Bømlo varierer stort, men utsikt til sjø dominerer. Sona land-sjø er eit spesielt sårbart landskap som ofte er ope og eksponert, og der ein også finn verdifulle naturtypar som t.d. kystlynghei. Busetnad på Bømlo er i stor grad vendt mot sjø og er plassert langs hovudvegane, og i vikar/bukter og i terreng som gir utsikt til sjø.

Det er fem område i kommunen som er registrert med stor verdi (landskap med verdi over gjennomsnittet i regional samanheng) i verdivurderinga for Hordaland. Eitt område ligg nord i kommunen, kring Fitjarøyane og Brandasund, eitt område ligg kring Kuleseidkanalen/Børøy. Kring Espevær ligg delområda Espevær og Nordøyane – Holsøyane. I tillegg gjeld dette dei to delområda Moster og Nautøya, som også er registrert med stor verdi. Riksantikvaren sitt register «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse - KULA» frå 2016, har klassifisert deler av kommunen som KULA-område. Sjå kapitel 6.4 om Kulturminne/kulturmiljø.

Det er tre område i kommunen som er registrert med arealsone landskap i Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Dette er Fitjarøyane, Børøyfjorden/Kanalane og Espevær. Dette er område som omfattar registreringar av nasjonal eller regional verdi innanfor tema landskap, natur, friluftsliv og kulturminne. Regionalplanen sei at områda skal takast vare på gjennom omsyn i lokal planlegging og forvaltning. Områda er skildra slik i den regionale kystsoneplanen:

#### Fitjarøyane

*Fitjarøyane har store naturverdiar. Dette inkluderer fleire gyteområde, tre sjøfuglreservat, større område med svært viktige (verdi A) og viktige (verdi B) naturtypar. Fleire av øyene er registrert som svært viktige (verdi A) område for kystlynghei. Deler av området er registrert som kulturminnerik strandsone, og store deler av området er registrert som landskap med kulturhistorisk verdi. Store deler av området har dessutan potensiale for marine kulturminne. Det ligg fleire sjøbruksmiljø i fredingsklasse i Fitjarøyane, med høge verneverdiar knytt til både enkeltobjekt og samanhengen dei ligg i (verdi A). Fleire av øyane er synt i kommuneplanen med omsynssone kjerneområde for kystgardar eller kystlynghei. Det ligg fleire statleg sikra friluftsområde innan sona, og store deler av området er registrert som svært viktige regionale friluftsområde. Deler av området er dessutan omfatta av omsynssone for friluftsliv i Bømlo kommune. Landskapet i Fitjarøyene er registrert med stor verdi.*

### Børøyfjorden – Kanalane

Deler av området er omfatta av omsynssone for natur i kommuneplanen. Det er fleire registreringar av viktige (verdi B) og lokalt viktige (verdi C) naturtypar innanfor området, og det er fleire gytefelt innanfor sona. Det ligg eit anadromt vassdrag innanfor sona. Den austlege delen av området er registrert som kulturminnerik strandsone, og den sørlege delen av sona har potensiale for marine kulturminne. Området har fleire statleg sikra friluftsområde, og store deler av området er registrert som svært viktige (verdi A) og viktige (verdi B) regionale friluftsområde. Store deler av sona er omfatta av omsynssone for friluftsliv i kommuneplanen for Bømlo. Landskapet i området er registrert med stor og middels verdi.

### Espevær-Holsøyane

Området har fleire sjøfuglreservat, fleire område med svært viktige (verdi A), viktige (verdi B) og lokalt viktige (verdi C) naturtypar, blant anna svært viktige (verdi A) kystlyngheimråde. Espevær er ein del av eit område registrert med kulturminnerik strandsone, og heile den sørlege delen av området er landskap med kulturhistorisk verdi. Dei sørlege delane har dessutan potensiale for marine kulturminne. Det ligg fleire sjøbruksmiljø i fredingsklasse på Espevær, med høge verneverdiar knytt til både enkeltobjekt og samanhengen dei ligg i (verdi A). Området kring Espevær og Nordøyane er registrert som svært viktige (verdi A) regionale friluftsområde. Landskapet i sona er registrert med stor verdi.

#### **6.3.2 Konsekvensar av planframlegget**

Konsekvensutgreiinga viser at planframlegget har fleire arealbruksendringar som vil føre til negativ verknad på landskapet. Dei største konsekvensane for landskap er i område som ikkje er utbygd, og som ligg i bratt terreng, i strandsona eller eksponert til, på høgdedrag i landskapet.

Nokre arealendringar ligg i område der det er registrert særskilt verdifulle landskapstypar, eller innanfor registreringar som arealsone landskap frå kystsoneplanen for Sunnhordland og ytre Hardanger.

- I området kring Fitjarøyane/Brandasund er det lagt inn eit LNF-spreidd bustadareal, to område som næring kystfiske, eitt naustområde og ei utviding av settefiskanlegget til Bremnes Seashore på Goddo. I tillegg til desse nye utbyggingsføremåla, er det to areal som er endra frå utbyggingsføremål til LNF-føremål, mellom anna eit større ubygdområde på Kvernanes.
- I området kring Kuleseidkanalen/Børøy er det lagt inn ein del arealendringar kring Kuleseidkanalen, i hovudsak areal knytt til turisme og enkelt tomtar som er delvis utbygd. I tillegg er det lagt inn mindre areal til fritidsbustad og naust på Straumøy og Hjartnes, som stadfestar allereie utbygd situasjon.
- I området kring Moster er det lagt inn nokre bustadføremål i område som allereie er utbygd. I område som grense til landskapstypen/arealsone landskap er deler av eit større ubygdområde endra til LNF-føremål.
- Innanfor områda kring Espevær og Nautøya er det ikkje lagt inn nye utbyggingsareal i planframlegget. Det eit areal som er endra frå utbyggingsføremål til LNF-føremål, Dørøy.

Generelt er landskapskonsekvensar vekta noko høgare i strandsona, då denne delen er spesielt sårbar for nye inngrep. Det er likevel i liten grad lagt inn nye utbyggingsområde i urørt strandsone, og det er i hovudsak område som allereie er heilt eller dels utbygde som har fått endra arealføremål i planen. Landskapsverknadane av desse endringane er relativt avgrensa. Av større område som medfører negative konsekvensar for strandsoneverdiar, mellom anna landskap, er i hovudsak utviding av nokre næringsområdet til sjø, som til dømes utvidinga av næringsområdet Hovlandshagen i Langevåg. Sjå også kapittel 6.6 om strandsone.

#### **6.3.3 Konklusjon landskap**

I hovudsak er arealendringane som er lagt inn i planframlegget justeringar eller utvidingar av eksisterande føremål, og endringar i område som allereie er heilt eller dels utbygd. Dei landskapsmessige konsekvensane av endringane er såleis avgrensa. Utvidingane som er gjort i tilknyting til eksisterande

næringsområde ved sjø vil ha større negative landskapsmessige konsekvensar, men det må presiserast at alle desse endringane ligg i tilknyting til eksisterande og etablerte næringsområde.

## 6.4 Kulturminne/Kulturmiljø

### 6.4.1 Status og verdiar i kommunen

Kulturminneplanen frå 2021 peikar på at Øyriket Børmlø, med sine 1000 små og store øyar, har ein rik og mangfaldig historie. Nærleiken til sjøen og ressursane i havet har sete sitt preg på både menneske, kultur og kulturlandskap - ikkje ulikt mange andre kystkommunar. Men, fortida rommar også hendingar og føresetnadnar som har sete særlege spor. Unike markørar for korleis både dei fysiske omgjevnadane og samfunnet har blitt forma; bergverkshistoria, fiskehistoria, handelsstadane og kyrkje- og lovhistoria på Moster.

Kulturminneplanen gir ei oversikt over kulturminneregistreringar i kommunen:

- Riksantikvaren sitt register over freda kulturminne, Askeladden, omfattar 556 lokalitetar med kulturminne. I tillegg er det vedtaksfreda kulturminne på tre stader: Hummaparken på Espvær, Hiskholmen og Slætterøy fyrtasjon. Askeladden inneheld òg registreringar av ein del bygningar og anlegg som ikkje er freda.
- SEFRAK-registeret for Børmlø omfattar 1213 bygningar og restar etter bygningar frå før 1900. SEFRAK (står for Sekretariatet For Registrering Av faste Kulturminner) er eit landsdekkande register over bygningar og restar etter bygningar frå før 1900. Registeret er ikkje ei stadfesting av verneverdi eller vernestatus.
- Kulturminne som fell utanfor desse to kategoriane, til dømes anlegg som ikkje er bygningar frå tida 1537 – 1900, og kulturminne frå tida etter 1900, er ikkje systematisk registrert. Eit område på Søra Børmlø manglar heilt i SEFRAK-registeret, som heller ikkje er heilt utfyllande i andre delar av kommunen. I oppstartfasen av arbeidet med kulturminneplanen blei alle SEFRAK-registrerte objekt synfarne og fotograferte på nytt.
- To større område i Børmlø er tatt inn i Riksantikvaren sitt register «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse - KULA» frå 2016. Dette gjeld området frå Bergeseidet til Espvær, og eit større område som omfattar Fitjarøyane og inkluderer dei nordlegaste øyane i Børmlø. Riksantikvaren oppmodar kommunane om å synleggjera og i vareta landskapsverdiane i sine arealplanar, og ha eit medvite forhold til desse verdiane i samband med utvikling av områda.

For KULA-området på Søra Børmlø – Hespriholmen: Steinalderlandskap med grønsteinproduksjon seier rapporten følgjande når det gjeld sårbarheit og forvaltning:

*Området er sårbart for utfylling av og bygging i dei lågtliggjande draga i landskapet. Landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynssone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med generelle føresegner og retningslinjer som formulerer målsetninga for forvaltinga av området, og rammer for bruken av det. I Langevåg sentrum bør reguléringsplan sikre dei nasjonalt verfulle kulturminna. Hummeparken er freda etter kulturminnelova §§15 og 19.*

For området Fitjarøyane: Lyngheilandskap, maktsete og handel i leia står det følgjande i rapporten når det gjeld sårbarheit og retningsliner for forvalting:

*Landskapet er sårbart for tett utbygging og oppføring av store bygningsstrukturar nær gravhaugane som viser veg mot Fitjar. Fitjarøyane er sårbare for gjengroing av lyngheilandskapet, og for nye bygningsstrukturar på visuelt framståande stader i landskapet både på land og sjø. Landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynssone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med generelle føresegner og retningslinjer som formulerer målsetninga for forvaltinga av området, og rammer for bruken av det.*

#### **6.4.2 Konsekvensar av planframlegget**

Dei fleste innspela som er i vesentleg konflikt med registrerte kulturminne er negativt tilrådd, eller justert slik at kulturminneinteressene vert tekne i vare. Konsekvensutgreiinga viser at planen likevel potensielt kan føre til tap av kulturminne og kulturmiljø, mellom anna i området ved utviding av næringsområde Hovlandshagen ved Langevåg, i området for utviding av Eidesvik settefisk i Langevåg, og i innspel om næring i Langevåg sentrum. I desse områda er det registrerte kulturminne innanfor tilrådd utbyggingsområde. Innspela er likevel tilrådd på grunn av at dei positive konsekvensane knytt til næringsliv og sysselsetting er vekta høgt. I desse områda vil det naturleg vera krav om reguleringsplan, der mellom anna omsynet til kulturminna må handsamast.

Nokre innspel overlappar med registrerte kulturmiljø i kommunedelplan for kulturminne. Konsekvensutgreiinga har vurdert påverknaden av innspela i forhold til registrerte kulturmiljø, og dette er del av vurderingsgrunnlaget for tilrådinga av innspela.

Opp mot 500 kulturminne lokalitetar som er klassifisert som automatisk verna, uavklart vernestatus, statleg listeført eller har samansatt vernestatus i kommunen er synt som omsynssone bandlegging etter lov om kulturminne (H730). Datagrunnlaget (lag: lokalitetar med vernestatus AUT/ STAT/ UAV/ VED er henta ut frå Geonorge.no 22.09.2023 (kjelde Riksantikvaren)). Føreseggnene sikrar areal synt med H730 for varige inngrep og tiltak i omgjevnaden.

Kulturmiljø frå godkjent kulturminneplan frå 2021 er synt med omsynssone bevaring kulturmiljø med tilhøyrande retningslinje (H570). Ein stor del av kulturminna synt med omsynssone H730 er inkludert i omsynssone bevaring kulturmiljø H570. Dette gir kulturminna eit ytterlegare *sikring* ved at tiltak i omgjevnaden skal ta omsyn til kulturminna. Retningslinje i kommuneplanen sikrar at kommunedelplan for kulturminne skal vera førande for arealforvaltninga i kommunen. Mellom anna kyrkjestadane i kommunen synt med omsynssone bevaring kulturmiljø; Moster nye og gamle kyrkje, Bømlo kyrkje, Bremnes kyrkje, Lykling kyrkje, mellomalder kyrkjestad Voll og Bømlo, samt kolerakyrkjegard Erevik og Vestre Vika gamle kyrkjestad.

Dei to KULA-områda som ligg i kommunen er vist med omsynssone bevaring kulturmiljø (H570, *Søre Bømlo – Hespriholmen*) og landskap (H550, Området *Fitjarøyane*) i ny plan med tilhøyrande retningslinjer. i føresegnene for desse.

#### **6.4.3 Konklusjon kulturminne/kulturmiljø**

Nokre av arealendringane, særleg knytt til utvidingane av dei sjøtilknytte næringsområda, vil medføre negative konsekvensar for registrerte kulturminne. Dette gjeld særskilt for utvidinga av fiskerihamna i Langevåg. Det er elles i stor grad teke omsyn til registrerte kulturminne og kulturmiljø i planframlegget, og dei to KULA-områda i kommunen er sikra ved hjelp av omsynssoner.

### **6.5 Naturressursar**

#### **6.5.1 Status og verdiar i kommunen**

Samfunnssdelen til kommuneplanen peikar på at landbruksdrifta og levande grender er ein del av historia i kommunen, og det same er kulturlandskapet og kystlyngheimråda. Det står vidare at lokal matproduksjon, i liten og stor skala, er positivt både med tanke på klima og beredskap, og difor må landbruket oppretthaldast. Samfunnssdelen stadfestar vidare at matjord er viktig av fleire årsaker, mellom anna beredskap og flaumvern. Jordvernet må stå sterkt og at Bømlo skal vere ein føregangskommune når det gjeld vern av dyrka mark. Ved utbyggingsprosjekt bør ein unngå nedbygging av matjord, og der matjord og beiter vert råka, må tilsvarande areal bli erstatta med ny matjord til same grunneigar.

#### **6.5.2 Konsekvensar av planframlegget – dyrka mark**

Alle endringar frå LNF til utbyggingsføremål vil ha ein negativ konsekvens for dyrka mark. Generelt er det ingen store samanhengande område med fulldyrka eller overflatedyrka mark som er lagt med nytt

utbyggingsføremål i planen. Det er same situasjon for innmarksbeite også, med unntak av eit føremål til grønstruktur ved Kuleseidkanalen (deler av dette vert i dag nytta som frisbeegolf bane). Område/areal som har vore i vesentleg konflikt har i stor grad blitt negativt tilrådd gjennom konsekvensutgreiinga, eller tilpassa til areal registrert som dyrka mark.

Det er i følgje Ar5 registrert totalt om lag 16700 daa dyrka mark i Børmlø kommune, sjå fordeling i tabellen under. I kommuneplan frå 2013, inklusiv godkjente reguleringsplanar, er det omdisponert om lag 2236 daa dyrka mark. Dette utgjer samla om lag 13,5% av all dyrka mark i kommunen. Av desse utgjer om lag 750 daa utbyggingsføremål utan reguleringsplan og 1490 daa areal innanfor godkjente reguleringsplanar. I reguleringsplanane kan heile eller deler vera regulert til føremål som sikrar den dyrka marka frå utbygging. Det reelle talet på omdisponert dyrka mark er truleg lågare enn 2236 daa.

|                            | Totalt i kommunen<br>(daa) | Omdisponert i KPA<br>2013 (daa)* | % omdisponert i<br>KPA 2013 |
|----------------------------|----------------------------|----------------------------------|-----------------------------|
| <b>Fulldyrka jord</b>      | 4151                       | 415                              | 10%                         |
| <b>Overflatedyrka jord</b> | 1877                       | 436                              | 23%                         |
| <b>Innmarksbeite</b>       | 10703                      | 1385                             | 13%                         |

\* Utbyggingsføremål og reguleringsplanar, men ikkje LNF-spreidd føremål eller føremål grønstruktur.

I planframlegget er det arealkonflikt mellom dyrka mark og utbyggingsføremål på om lag 105 daa dyrka mark (inkl. LNF-spreidd). Fleire av desse arealendringane omfattar endring frå eitt utbyggingsføremål til eit anna (17 daa). Dersom ein fokuserer på areal som er endra frå LNF til utbyggingsføremål, er det om lag 88 daa dyrka mark som er omdisponert i ny kommuneplan. Dette er fordelt på fulldyrka (26 daa), overflatedyrka (14 daa) og innmarksbeite (48 daa). I tabellen under er omdisponeringa fordelt på føremål.

Som vist i tabellen under er det arealendringar til LNF-spreidd som er mest i konflikt med dyrka mark. I område for LNF-spreidd er det føringar som sikrar at den dyrka marka vert teken i vare; då det ikkje er tillate å byggja på registrert dyrka mark. Av 88 daa totalt er det 44 daa som omfattar LNF spreidd. Det er såleis 44 daa dyrka mark som er omdisponert frå LNF til andre utbyggingsføremål.

| Føremål              | Fulldyrka | Overflatedyrka | Innmarksbeite |
|----------------------|-----------|----------------|---------------|
| <b>LNF spreidd</b>   | 19        | 10,1           | 14,9          |
| <b>Bustad</b>        | 3,6       | 2,5            | 13            |
| <b>Næring</b>        | 2,2       | 0              | 2             |
| <b>Grønstruktur</b>  |           |                | 24            |
| <b>Andre føremål</b> | 0,8       | 1,7            | 11            |

I planframlegget er det også gjort endringar frå utbyggingsføremål til LNF. Det er totalt om lag 66 daa dyrka mark som er endra frå utbyggingsføremål til LNF-føremål i planframlegget. Dei store arealendringane er knytt til føremål som er endra frå bustad til LNF, nokre oppheva reguleringsplanar der nytt arealføremål er LNF, samt tilpassing av LNF-spreidd/bustad føremål til dyrka mark, t.d. Stavland, Spissøy, Steinsvågneset, Kalavåg og Lykling.

Den samla endringa av omfang dyrka mark i ny kommuneplan gir eit positivt arealrekneskap, altså det er sikra noko meir dyrka mark (ca. 22 daa) i ny kommuneplan sett i forhold til kommuneplan frå 2013.

- Areal til utbyggingsføremål, inkl. LNF-spreidd, overlappar med om lag 105 daa dyrka mark. Om lag 88 daa er reel omdisponering av dyrka mark frå LNF til utbyggingsføremål, inkl. LNF-spreidd. LNF-spreidd utgjer om lag 44 daa av dei 88 daa. Dyrka mark er sikra i føresegne for LNF-spreidd føremåla og er ikkje ei reel omdisponering av dyrka mark.
- Om lag 66 daa dyrka mark er endra frå utbyggingsføremål til LNF-føremål i planframlegget.

### **6.5.3 Konsekvensar av planframlegget – skogbruk**

Skogområde er viktige både for naturmangfald, for karbonlagring, for friluftsliv og som naturressurs. Totalt i kommunen er det registrert om lag 99 000 dekar skog. Det er samla om lag 344 daa registrert skogsareal som vert omdisponert til utbyggingsføremål i ny kommuneplan, og om lag 182 daa registrert skogsareal som vert endra fra utbyggingsføremål til LNF-område. Nye LNF-spreidd og andre utbyggingsføremål omfattar om lag 280 dekar endring fra LNF-føremål. Areal til LNF-spreidd (117 daa) er ikkje ei reel endring då skogsområde med høg og svært høg bonitet er sikra gjennom føreseggnene. Sjå kapittel 6.1.5 for fleire detaljar.

Endringar av arealføremål om utgjer over 10 dekar skogsområde omfattar 12 delområde, der av 4 areal til utbyggingsføremål, 2 areal til LNF-spreidd og 6 areal til LNF. Dei to største endringane til utbyggingsføremål er bustadføremål nord for Rubbestadneset og næringsføremål i Skålevik (Goddo). Desse områda omdisponerer hhv. 16 og 15 daa skog, begge av impediment som er mindre drivverdig skogsområde. Vidare vil eit nytt bustadområde i tilknyting til Svortland sentrum omdisponere om lag 10 daa skog av høg bonitet, og deponi på Ersland om lag 18 daa skog av høg bonitet. Areala omdisponert frå utbyggingsføremål til LNF-føremål er alle av middels til svært høgbonitet, og utgjer kvar for seg mellom 11- 29 daa skogsareal og samla om lag 96 dekar.

Det er relativt liten del av det totale skogarealet i kommunen som vert omdisponert til utbyggingsføremål, og dette er fordelt på mange mindre areal. Samla er det nesten ingen areal endring (differanse mellom til utbygging eller til LNF-område) for skog med svært høg bonitet, middels og låg bonitet, medan det er negativ endring for skog med høg bonitet og impediment. Sjå kapittel 6.1.5 for fleire detaljar. Endringa i ny kommuneplanen vil ha litt negativ verknad for skogbruk som naturressurs, men avgrensa då dei omdisponerte areaala til utbyggingsføremål ikkje vil utgjere vesentlege økonomiske tap.

### **6.5.4 Konklusjon naturressursar**

I ny kommuneplan vil det vera meir areal som er tilbakeført til LNF enn det som vert omdisponert til reine utbyggingsføremål (utanom LNF spreidd) for dyrka mark. Dette gir såleis eit positivt arealrekneskap. Når det gjeld skogområde er det ei viss omdisponering til utbyggingsføremål i ny kommuneplan, men dette vil ikkje medføre vesentlege negative konsekvensar knytt til skogbruk, og skogen som naturressurs.

## **6.6 Strandsone**

### **6.6.1 Bakgrunn**

Strandsonerettleiaren for Vestland fylke peikar på at det knyter seg viktige allmenne verdiar til kyst- og strandsona, og at det er viktig å unngå uheldig utbygging i strandsona. Mange enkeltinngrep påverkar natur- og kulturlandskapet over tid, og forringar kvalitetane i områda. Strandsona har vore underlagt eit særskilt vern sidan midten av 1950-talet, og det alminnelege byggjeforbodet vart første gong lovfest i 1965. Kommunane må balansera mellom bruk og vern av arealet basert på nasjonale og regionale føringer. Klare planmålsetnader, godt planverktøy og gode planprosessar er viktig for ei heilsakleg og langsiktig forvaltning av strandsona.

Byggjeforbodet til sjø er lovfest i § 1-8 i plan- og bygningslova. I 100-meters beltet skal det etter § 1-8 visast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Ingen tiltak forutan fasadeendring og frådeling ved innløysing av bygd festetomt er tillate i 100-metersbeltet. Forbodet gjeld så langt det ikkje er sett annan byggjegrense i kommuneplanen sin arealdel eller reguleringsplan.

I følgje statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona ligg Bømlo kommune i sone 3, som er område med mindre press på arealet. Retningslinja gir at i område med lite utbyggingspress og mykje tilgjengeleg strandsone, kan det i større grad godkjennast nye tiltak enn i område med mykje press og lite tilgjengeleg strandsone. Tiltak må alltid vurderast opp mot omsyn til natur- og kulturmiljø,

friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Sjølv om Bømlo er klassifisert i sone 3, er det eit relativt stort byggjepress i strandsona i deler av kommunen. Retningslinja peikar på trong for intern differensiering også innad i ein kommune mellom område med ulik grad av utbyggingspress.

Bømlo er ein øykommune med lange tradisjonar med aktiv bruk av strandsona og sjøareaala til næring og fritid. Bruken av strandsona har gradvis endra seg frå tradisjonell bruk (fiske) til fritidsbruk, særskilt om sommaren. Kysten er eit fleirbruksområde, og strandsona skal forvaltast i eit langsiktig og berekraftig perspektiv, og det er eit nasjonalt mål å hindre vidare utbygging av strandsona. For å nå desse måla må utbygging langs sjøen i størst mogleg grad lokalisera til allereie utbygde område, som fortetting og ikkje i ubygde område som medfører ytterlegare nedbygging av strandsona.

### **6.6.2 Konsekvensar av planframlegget**

I dette kapitelet er forholdet til forvaltning og nasjonale/regionale rammer skildra. For dei spesifikke strandsoneverdiane er desse konsekvensutgreia i kapitel 6.1 til 6.5 ovanfor.

Det er sett byggjegrense til sjø i planframlegget for alle utbyggingsføremål og LNF-spreidd der det ikkje er sett plankrav (#1) eller der gjeldande reguleringsplan angir byggjegrensa. Det er ikkje sett byggjegrense i område som er avsett til LNF-føremål.

Det er sett plankrav (plankart #1) i 100-metersbeltet for følgjande tilfelle:

- Der det er ein pågående reguleringsplanprosess
- I heilt/stor grad ubygde område der reguleringsplan må avklare omfang av utbygging og grøntområde.
- I bebygde område der det framleis er mogleg å byggje ut meir, og det er
  - mogleg med mange einingar
  - behov for avklaringar på t.d. ras og skred, teknisk infrastruktur, natur- og friluftsinteresser
  - vanskelege terrengforhold

Når det gjeld konsekvensutgreiing av enkeltinnspel er det gjort spesifikke strandsonevurderingar for kvart innspel, mellom anna basert på føringar gitt i strandsonerettleienaren for Vestland. Sjølve vektinga av strandsoneverdiane er gjort under dei aktuelle temaa; landskap, friluftsliv, naturmangfald. Mange av arealendringane i planframlegget ligg i 100-metersbeltet mot sjø, men endringane er i all hovudsak knytt til føremålsendring mellom ulike byggeføremål, eller er ei stadfesting av faktisk bruk/tiltak. Samla er det lagt inn om lag 215,5 daa nye utbyggingsføremål, inkl. LNF-spreidd, i ny kommuneplan. Tabellen under viser arealendringar frå LNF til utbyggingsføremål som ligg i 100-metersbeltet.

| Føremål i planframlegg    | Areal innanfor<br>100-metersbeltet til sjø (daa) | Tal areal |
|---------------------------|--|-----------|
| <b>LNF-spreidd</b>        | 54   | 7         |
| <b>Bustad</b>             | 15   | 10        |
| <b>Fritid</b>             | 2  | 6         |
| <b>Næring</b>             | 92   | 7         |
| <b>Kombinerte føremål</b> | 4  | 2         |
| <b>Naust/småbåtanlegg</b> | 10   | 14        |
| <b>Småbåthamn</b>         | 8,5  | 2         |

Som vist i tabellen over er det næringsføremål som utgjer mest areal i strandsona som er omdisponert frå LNF til utbyggingsføremål (om lag 92 daa). Dette gjeld i hovudsak utvidingar av eksisterande næringsområde ved sjø, der det i dag er etablert sjøtilknytt næring. Desse utvidingane er dels i tråd med strandsonerettleienaren for Vestland / SPR som poengterer at arealbruk ved sjø skal ha eit behov for å ligge til sjø. Føresegnehene står opp dette ved føring om at næringsareal nærmere sjø enn 50 meter skal vera sjørelatert, eller tilknytt sjørelatert næringsverksemد.

Den nest største endringa frå LNF til utbyggingsføremål er knytt til LNF-spreidd føremål. Utbygging i desse områda er avgrensa i tal på einingar og i plassering. Tre av dei nye LNF-spreidd føremåla er ikkje opna for nye einingar, medan det er opna for 1-2 nye einingar innanfor dei andre fire områda. I høve til strandsonevern er ny utbygging i desse områda avgrensa gjennom fastsetjing av byggegrense mot sjø, samt at føremåla som opnar for nye einingar er trekt noko frå kystkonturen. Såleis vil det vera ein avgrensa del av LNF-spreidd-føremålet som vil verta utbygd og den reelle bruken/privatisering av strandsona er vesentleg mindre enn 54 dekar.

Det er også areal som er omdisponert frå LNF til føremål som er direkte sjøtilknytt, som naust/småbåtanlegg og småbåthamn på totalt om lag 18 daa. Av desse er det flest naustføremål. Nye naustføremål er dels i tråd med strandsonerettleien for Vestland og SPR, med utgangspunkt i at endringane i hovudsak er justeringar til utbygd situasjon eller mindre justeringar av føremål, samt utvidingar i område med etablerte tiltak, og at areala er sett i lys av nærliggjande arealbruk og -behov for føremålet.

I tillegg til endringar frå LNF til utbyggingsføremål, er det i ny kommuneplan gjort endringar frå utbyggingsføremål til LNF. Av arealendringar frå utbyggingsføremål til LNF er det om lag 120 daa som ligg innanfor 100-metersbeltet til sjø. Desse er knytt til endringar med oppheving av reguleringsplanar (Spissøy og Hellevika), endring av ubygde og uregulerte bustadføremål (Kvernanes og Dørøy/Espevær), samt justering av utbyggingsføremål (m.a. bustadføremål nord for Moster og Kalavåg (Langevåg), kombinert føremål Urangsvåg og fritidsføremål Lykling og Mækjebakken/Innvær).

Arealstrategiar frå samfunnssdelen peikar på at det er ønskjeleg å leggja til rette for bustad- og næringsutvikling ved sjøen, samt eigna område til næringsføremål/reiseliv i strandsona. Samstundes er det ein arealstrategi som peikar på at tilgjengeleg og funksjonell strandsone skal prioriterast for ålmenta. I vurderingane av enkeltinnspela er det lagt vekt på at næringsverksemder som treng å ligga til sjø, som til dømes utvidingar av settefiskanlegg eller utviding av fiskerihamn skal få høve til å plasserast her. Når det gjeld andre utbyggingsføremål er det i stor grad lagt vekt på i kva grad dei aktuelle områda allereie er heilt eller dels utbygd. Område som allereie er teke i bruk har i all hovudsak fått endra føremål til å vera i tråd med faktisk arealbruk, medan heilt urørte areal i strandsona ikkje er sett av til utbyggingsføremål.

I kommuneplan frå 2013 er det sett generelle byggjegrenser til sjø i føreseggnene for eksisterande og framtidige føremål for bustad, fritid, LNF-spreidd, samt naust; For nye byggjeområde og LNF-spreidd område 50 meter frå sjø, for nye byggjeområde 25 meter frå sjø, samt føremålsgrønne for naust, område med kulturhistorisk verdi og fritidsføremål som går heilt til sjø. Nasjonal og regional rettleiing er tydeleg på at det ikkje skal setjast generelle byggjegrenser til sjø i nye planar. Alternativet til generelt bygge-forbod i 100-metersbletet er å kartfeste ny byggjegrense i kommuneplan eller reguleringsplan.

Kommunen har gjennomført eit stort arbeid knytt til fastsetjing av byggjegrense til sjø, for detaljar sjå vedlegg Rapport for fastsetjing av byggjegrense til sjø i kommuneplanen sin arealdel (Bømlo kommune 2023). Den nye byggjegrensa er sett differensiert ut frå type føremål, bygd situasjon, samt for å ta i vare attverande strandsoneverdiar for kvar enkelt byggjeområde. Kommunen sine vurderingar er gjort ut frå konkrete lokale forhold og det er bevist gjort variasjonar av byggjegrensa, m.a. om den følgjer fasade på bygning/tiltak eller sett noko nærmare, samt om kaiområde ligg innanfor eller utanfor byggjegrensa. Arbeidet kommunen har gjort med vurdering og fastsetjing av spesifikk og konkret byggjegrense vil i stor grad vera ei styrking av strandsonevernet enn situasjonen i kommuneplan frå 2013.

Byggjegrensa og føreseggnene gir i hovudsak grunnlag for at nye tiltak/utvidingar vil skje lengre vekk frå sjø enn eksisterande bygningar og tiltak. Vidare er det sett rammer i føreseggnene for høgde, volum og kvalitet som gir grunnlag for at nye tiltak får ei god estetisk og arkitektonisk utforming, avgrensa terrenginngrep og optimal massebalanse. Vidare er det rammer for å sikre allmenn tilgang i strandsona i form av promenade/friområde, og å samle tiltak i sjø til fellesanlegg.

### **6.6.3 Konklusjon strandsone**

Det er i liten grad lagt inn nye utbyggingsføremål i urørt strandsone. Unntaket er areal for næring, der ein har hatt hovudfokus på behovet for næringsareal til sjø. Utanom næringsføremåla er nye areal innanfor 100-metersbeltet i all hovudsak område som allereie er heilt eller dels utbygd. I mange av desse områda vil det ikkje vera rom for særleg ny utbygging trass i at området no er avsett til byggeføremål. Dette m.a. på grunn av ny byggjegrense, tal einingar i LNF-spreidd føremål eller føremålet avgrensar mogleg nye tiltak. Det er også ein del areal innanfor 100-metersbeltet som er tilbakeført til LNF i planframleggjet, dette utgjer i sum 120 daa.

Strandsonerettleiaren for Vestland og SPR strandsone er nytta i kommuneplanarbeidet. Det har vore fokus på lokaliseringsprinsipp, fortettingsstrategi, ivaretaking av urørte område og fastsetjing av byggegrense til sjø. Mange av endringane i planframleggjet er i tråd med overordna føringer. Det er likevel område som er utfordrande, og dels er i strid med strandsonevernet. Det gjeld til dømes ein del av næringsområda, som vil medføre negative konsekvensar for strandsoneverdiene i området, både for naturmangfald, kulturmiljø, landskap og friluftsliv. Kommunen har likevel valt å prioritere byggeføremål i desse områda, grunna stor samfunnsmessig nytte.

## **6.7 Nærmiljø og stadutvikling – senterstruktur**

### **6.7.1 Bakgrunn**

Regional plan for attraktive senter 2015-2026 legg overordna rammer for sentrumsutviklinga, og definerer ein senterstruktur med Bergen som fylkessenter og Leirvik på Stord som regionsenter. I samband med kommuneplanarbeidet skal kommunane utarbeide ein senterstruktur i kommunen som er tilpassa lokale tilhøve. Fagtema senterstruktur er vanskeleg å handsama isolert, og temaet grensar særskilt mot plantema som næringsutvikling, bustad-, areal- og transportplanlegging.

I Bømlo kommune er det Svortland som er kommunesenteret. Kommunesenteret og sentrumskjerna i Svortland er avgrensa i ny kommuneplan. Det er definert fire lokalsenter i kommunen; Moster, inkludert Mosterhamn, Rubbestadneset, Finnås og Langevåg. Sentrumskjernen for Moster er definert i plankartet, på grunn av eit ønskje om sterke føringer for plassering av detaljhandel og funksjonar i Moster. Dette er ikkje gjort for dei andre tre lokalsentra. For meir informasjon om senterstrukturen, sjå eige notat som vedlegg til planen. I dette notatet er nærsentera i kommunen presentert: Espenvær, Brandasund, Goddo/Erevik, Foldrøy, Hollundsdalen, Gilje, Lykling, Meling og Rolfsnes. Eit nærsenter vil typisk innehalde daglegvarehandel dimensjonert for nærmiljøet, samt offentlege/private tenestetilbod og lokalt tenestetilbod som frisør og liknande.

### **6.7.2 Konsekvensar av planframleggjet**

Det er naturleg at bustad- og næringsføremål ligg i tilknyting til definerte senter i kommunen. Når det gjeld fritidsbustad, naust og fritid-/turismeføremål er desse føremåla mindre avhengige av senterstrukturen i kommunen.

Fleirtalet av arealbruksendringane er i nærliek til sentrum/lokalsenter/nærsenter. Dette gjeld særskilt for innspel knytt til bustadføremål. Når det gjeld innspel på næring er dette i stor grad næring som er tilknytt sjø, til dømes utviding av næringsområde Hovlandshagen, og utviding av eksisterande settefisklokalitetar. Desse er såleis ikkje plassert i tilknyting til etablerte senter.

Det kom fleire innspel på bustadføremål i delområdet Svortland, men ingen innanfor den definerte sentrumskjerna. Fleire av desse har ei god plassering i høve til nærmiljø, stadutvikling, senterstruktur og nærliek til infrastruktur. Dei fleste av desse innspela er likevel tilrådd negativt på bakgrunn av at dei er i konflikt med dyrka mark, i tillegg til at det er ein stor bustadreserve i kommunen i kommuneplan frå 2013 og reguleringsplanar.

Sentrum i lokalsenteret Finnås er klart definert ved Kuleseidkanalen. Kring Finnås er det lagt inn ein del nye areal, særleg kring Kuleseidkanalen. Nye føremål som er lagt inn i området er mellom anna kombinert føremål fritid- og turisme/næring, næring, grønstruktur og småbåthamn. Desse vil vera med på å legge til rette for vidareutvikling av Finnås og Kuleseidkanalen, og bygge opp under dette som lokalsenter i kommunen.

Sentrum i lokalsenteret Rubbestadneset er klart definert med områda i kring matbutikken. Det er lagt inn nokre nye føremål kring Rubbestadneset, men ingen som ligg heilt tett på senteret. Det var heller ingen arealinnspel i området tettast på sentrum.

Sentrum i lokalsenteret Langevåg er klart definert med områda kring matbutikken. I Langevåg er det lagt inn eit nytt næringsføremål i sentrum, i tillegg til næringsføremål som utviding av området Hovlandshagen og Eidesvik settefisk. Eitt innspele på bustadområde relativt sentralt er negativt tilrådd grunna konflikt med naturmangfold.

Sentrum i lokalsenteret Moster/Mosterhamn er avgrensa i ny kommuneplan. På Moster er det lagt inn nokre nye bustadføremål som ligg tett på senteret. Dette er område som allereie er utbygd, og endringane vil såleis ikkje medføre endringar i arealbruken. Eit par bustadinnspele i området er negativt tilrådd på bakgrunn av konflikt med dyrka mark og naturmangfold.

Det er lagt inn føresegner som gir kvalitets- og berekraftskrav knytt til senterstruktur. Her er det mellom anna presisert at detaljhandel skal prioriterast i sentrumskjerna, og det er lagt føringar på lokalisering av ulike type bustadbygg. Det er i tillegg lagt inn ein del føringar for senterstrukturen som skal medverke til at kommunesenteret og lokalsentera i kommunen har ei styrka, føreseieleg og ønskjeleg utvikling. Det er også sett krav om at det skal utarbeidast områdeplan eller kommunedelplan for senterområda for å kunne legge overordna og heilskaplege rammer for utvikling av sentera med omland.

### **6.7.3 Konklusjon nærmiljø og stadutvikling – senterstruktur**

Bømlø er ein langstrakt kommune med ein relativt oversiktleg struktur med kommunesenter, lokalsenter og bygder (nærcenter). I ny kommuneplan har ein definert senterstrukturen og sett rammer i føresegne som skal styrke sentera og såleis også lokalisering av ulike type arealbruk. Dette er eit positivt grep for vidare planlegging og forvaltning i kommunen.

Det er ikkje gjennomført større strukturelle arealendringar basert på den no definerte senterstrukturen i denne kommuneplanrulleringa. Dette er noko som kommunen vil jobba vidare med gjennom områdeplanar/kommunedelplanar for dei enkelte sentera, samt seinare rulleringar av kommuneplanen der m.a. bustadstruktur vil verta jobba meir med.

## **6.8 Barn og unge sine interesser**

### **6.8.1 Bakgrunn**

Rettleiarene for barn og unge i plan og byggesak peikar på at god og gjennomtenkt planlegging er grunnleggande for at barn får trygge oppvekstvilkår og eit godt utgangspunkt for god helse. Det må vera enkelt og trygt å gå og sykle til skule, vene og fritidsaktivitetar, og det må finnast område for fysisk utfalding. Nesten all planlegging har innverknad på nærmiljø og oppvekstvilkår for barn og unge på kort eller lang sikt.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 seier mellom anna følgjande om forventningar knytt til barn og unge og deira oppvekstmiljø:

*Det legges til rette for trygge skoleveier og aktivitetsvennlige nærmiljøer med varierte tilbud for lek og opphold for ulike aldersgrupper. Deltakelse i samfunnet for flest mulig sikres gjennom universell utforming av nye bygninger og uteområder.*

*Det settes av tilstrekkelige arealer av god kvalitet til grønnstruktur, uteom og møteplasser som stimulerer til fysisk aktivitet, naturopplevelse og sosialt fellesskap, samtidig som byer og tettsteder utvikles gjennom fortetting og transformasjon.*

Samfunnssdelen peikar på naturbasert kystliv, og at det i medverknadsfasen har kome fram eit sterkt ønske om å sikre ålmenta betre tilgang til, og betre bruk av kysten sine kvalitetar. Samfunnssdelen stadfestar at kystsona skal nyttast i balanse mellom bruk og verna av areal- og naturressursar, og medverke til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling til beste for innbyggjarane og miljøet. Det står at Bømlo skal vere ein grøn kommune der alle skal ha rik tilgang på både blå og grøne område, og det er peika på at naturen kan senke stressnivå, auke kreativiteten på arbeidsplassen, betre motorikk og konsentrasjon hos barnehagebarn og forbetra helsenivå. Samfunnssdelen peikar vidare på at det er ønskjeleg med barnevenlege nærmiljø, inkludert barnevenlege lokalsenter, arkitektur og infrastruktur. Det er fokus på å sikre areal til sosiale møteplassar.

### **6.8.2 Konsekvensar av planframlegget**

I konsekvensutgreiingane for enkeltareal kjem barn og unge sine interesser i hovudsak inn under temaa friluftsliv, samt nærmiljø og stadutvikling. Det er generelt gjort lite endringar i planframlegget som omdisponerer viktige friluftsområde eller urørt strandsone. Nye utbyggingsføremål er i stor grad lagt på område som allereie er heilt eller dels bygd ut, eller ligg i tilknyting til slike. Det er ikkje lagt inn bustadområde som ligg lite sentralt plassert, med lang avstand til skule og fritidstilbod. Nokre bustadområde er tatt ut, på grunnlag av at plasseringa er lite sentral i forhold til etablert senterstruktur i kommunen.

Det er lagt inn retningslinjer i føreseggnene som mellom anna presiserer at planlegging og tiltak skal bidra til å fremja god oppvekst for barn og unge. Føreseggnene seier vidare at barn og unge skal inviterast til å medverke i saker som vedkjem dei og at barnetråkkregistreringar og uttaler frå elevråd og Ungdomsrådet skal brukast som dokumentasjon i saker som vedkjem barn og unge.

Føreseggnene presiserer at barn og unge er alltid interessentar i bustadregulering og regulering/utbygging av lokalsenter og kommunesenter. Vidare at område for bustad og opphold skal ha gode helsefremjande kvalitetar som tryggleik, fråvær av støy og forureining, og skal leggja til rette for aktivitet, fellesskap og sosiale møteplassar. Sentralt i utforming av bustadområde er uteoppphaldsareal, privat per bueining og felles for bueiningane. Føreseggnene set krav til arealstorlek og kvalitet for desse type arealet. Det er i ny kommuneplan fokusert på at fellesarealet skal vera allmenn tilgjengelege møte- og leikeplassar, heller enn isolerte leikeplassar. Ein ønskjer at desse arealet skal fungere som sosiale møteplassar som samlar folk på tvers av generasjonar og bruk, samt fremjar fysisk og sosial aktivitet. Andre føringar som er viktige for barn og unge er m.a. at det skal sikrast gang- og sykkelhøve med god tilknyting til aktuelle målpunkt, samt at det skal sikrast allmenn tilgang til strandsone som t.d. parkar/friområde og/eller fellesanlegg.

### **6.8.3 Konklusjon barn og unge sine interesser**

Det er ikkje lagt inn nye areal som vil ha direkte konsekvensar for barn og unge, og samla for planframlegget er det relativt få endringar i arealbruk. Føreseggnene har fleire punkt som er direkte retta mot barn og unge sine interesser, og såleis styrkar interessene noko sett i forhold til kommuneplan frå 2013. Samla er det ikkje store endringar for barn og unge sine interesser i ny kommuneplan, og konsekvensane av planframlegget er vurdert til å vera uendra samanlikna med kommuneplan frå 2013.

## **6.9 Klima og energi**

### **6.9.1 Bakgrunn**

Transportsektoren er den største kjelda for CO<sub>2</sub>-utslepp i Noreg i dag. Klimaplan for Hordaland (2014-2030) har mål om å redusere Hordaland sine klimagassutslepp frå vegtrafikken med 50 % innan 2030. Klimaplanen har fire strategiar for å nå dette målet:

- Klimavennleg utbyggingsmønster
- Meir gange, sykkel og kollektivtransport
- Avgrense biltrafikken
- Overgang til transportmidlar med lågare eller null utslepp

Statlege retningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging peikar på at utbyggingsmønster og transportsystem bør fremme utvikling av kompakte byar og tettstader, redusere transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennlige transportformer. Det er vidare presisert at potensialet for fortetting og transformasjon bør utnyttast før nye utbyggingsområde vert teke i bruk, og at nye utbyggingsområde bør styrast mot sentrumsnære område med høve for utbygging med mindre arealkonfliktar.

Samfunnssdelen til Bømlo peiker på at ei satsing på lokalsentra i kommunen vil vere eit svært viktig klimatiltak. Her står det at ved å konsentrere ny utbygging til lokalsentra kan ein unngå å bygge ned areal som har funksjon som CO<sub>2</sub>-lager, og som har verdi for matproduksjon, naturmangfold eller rekreasjon. Ei langsigkt utvikling i kommune- og lokalsentra, vil vere den beste måten å samordna både bustadpolitikk, arealpolitikk og transportplanlegging på ein betre måte

For å avgrense utslepp av klimagassar er det ønskjeleg å unngå utbygging på areal med store karbonlager. Utbygging kan medføre betydelege klimagassutslepp og redusere potensielt framtidig opptak av karbon på arealet. Størst utslepp er knytt til utbygging på myr og på skog med høg bonitet. Utsleppa er lågare ved utbygging på areal med skog av lågare bonitet, dyrka mark eller beite.

### **6.9.2 Konsekvensar av planframlegget**

I konsekvensutgreiingane for enkeltareal er det karbonrike areal som vert handsama under klima og energi. Fleire innspel ligg i område med registrerte karbonrike areal, som myr, skogområde med høg bonitet, eller ulike former for dyrka mark. Når det gjeld registrerte myrområde og dyrka mark er det tilbakeført meir areal til LNF enn det som er endra frå LNF til utbyggingsføremål i planframlegget. For registrerte skogområde er det om lag 344 daa skog innanfor arealendringar frå LNF til utbyggingsføremål, og av desse er over halvparten registrert som skog av sær høg eller høg bonitet. Og om lag 182 daa er endra frå utbyggingsføremål til LNF-føremål.

Det er fleire andre deltema som er relevante for klima og energi, mellom anna nærmiljø og stadutvikling, og teknisk infrastruktur. Fleire av arealstrategiane peikar også på tilhøve som vil vera positivt med omsyn til klima og energi, til dømes at nye bustadfelt skal plasserast i sykkel/gangavstand til sentrum av lokalsentra (redusert transportbehov), sikre grønt- og landbruksområde mot vidare utbygging (strengt jordvern), og forhindre nedbygging av skog. Det er i liten grad lagt inn nye bustadområde i planen, og fleire er negativt tilrådd mellom anna på grunn av lite sentral plassering, i lang avstand frå sentera i kommunen, og/eller manglande infrastruktur. Det er også i liten grad lagt inn utbyggingsføremål på større, urørte naturområde. I dei tilfella dette er gjort, gjeld det næringsføremål der dei positive konsekvensane knytt til næringsliv og sysselsetting er vekta svært høgt, som til dømes utviding av næringsområde Hovlandshagen i Langevåg. Fleire av arealendringane i plankartet er frå eitt utbyggingsføremål til eit anna. Dei negative konsekvensane av dette er uendra, teoretisk sett, då områda allereie var sett av til utbygging i gjeldande kommuneplan. Det er også gjort nokre endringar frå utbyggingsføremål til LNF, noko som vil vera positivt, mellom anna for klima og energi.

I vedlegg Arealrekneskap er det gjort ei enkelt berekning av klimagassutslepp for ny arealbruk i kommuneplanen, sjå vedlegg for detaljar. Berekninga gir følgjande:

- Arealendring frå LNF til utbyggingsføremål (eks. LNF-spreidd)
 

Nettoeffekt arealbruksendringens klimaeffekt: Utslipp 7702,3 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter
- Arealendringar frå utbyggingsføremål til LNF-område:
 

Nettoeffekt arealbruksendringens klimaeffekt: Utslipp 4202 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter

Direkte samanlikning av omdisponering frå LNF til utbyggingsføremål og utbyggingsføremål til LNF, gir eit negativt utslepp på 2800 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter (7002-4202 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter). Til samanlikning gir det om lag 700 000 kg plast, 12 600 000 km lang flytur for ein person, 14 140 000 km køyretur med bensinbil eller 6 720 fat olje.

### **6.9.3 Konklusjon klima og energi**

Det er omdisponert mindre myreal og mindre dyrka mark til utbyggingsføremål i planframlegget med utgangspunkt i kommuneplan frå 2013, noko som medfører ein positiv konsekvens. Når det gjeld skogområde og naturtypar er det omdisponert meir til utbyggingsføremål enn i kommuneplan frå 2013, noko som medfører ein negativ konsekvens.

Når det gjeld bustadføremål er det tatt ut og/eller redusert nokre større ubygde bustadføremål, mellom anna på grunn av at dei ligg lite sentralt plassert i forhold til kommunesenter og lokalsenter i kommunen. Dette er positivt mellom anna med omsyn til transportbehov og klimavenleg utbyggingsmønster.

## **6.10 Næringsliv og sysselsetting**

### **6.10.1 Bakgrunn**

Samfunnssdelen peikar på at det er viktig å ha eit differensiert næringsliv. Det er vidare peika på at marine næringar som fiske og akvakultur er ein del av den historiske identiteten til Bømlo, og er samstundes framtidssetta næringar. Det skal leggjast til rette for at marine og maritime næringar i området kan utvikle seg vidare til å vere lønsame og konkurransedyktige i eit langsigkt perspektiv. Nasjonale målsetnader om auka verdiar i sjømatproduksjon må skje innanfor rammene av ei berekraftig utvikling.

Planprogrammet for arealdelen peikar på at handel og tenester bør i tråd med regional plan for attraktive senter i Hordaland først og fremst lokaliserast i eit senter. Plasskrevjande handel er unnatak. Behov for areal til handel i dei definerte sentera skal vurderast. Vidare, at kommunen skal leggja til rette for utviding av eksisterande næringsområde, og å ha næringsareal som ligg til sjø der det kan opparbeidast djupvasskaiar. Etablering av fiskerihamna i Hovlandshagen er eit stort tiltak som er svært viktig for utviklinga av Bømlo kommune som fiskerkommune. Det står også at kommunen skal prioritere tiltak som gjev grøn omstilling og utvikling i næringslivet. Og at det skal leggast til rette for utvikling av næringsverksemder i form av turisme og reiseliv.

### **6.10.2 Konsekvensar av planframlegget**

Tilrettelegging for nye næringsareal eller utviding av eksisterande næringsareal medfører generelt ein positiv konsekvens for næringsliv og sysselsetting. Dette gir grunnlag for ei føreseileg utvikling for både dagens og framtidige verksemder, tilsette og grunnlag for nærområdet (m.a. busetnad).

Av større utvidingar av næringsområdet som er tilrødd, heilt eller delvis, og lagt inn i ny plan er utviding av næringsområdet Hovlandshagen i Langevåg, utviding av Eidesvik settefisk i Langevåg, utviding av Skålevik settefiskanlegg på Goddo, utviding av Bremnes Seashore sitt anlegg i Øklandsrågen, og utviding av Fylkesnes fisk sin base på Fylkesnes. Av desse er utvidinga av næringsområdet i Hovlandshagen det området som er mest konfliktfylt i høve til registrerte verdiar (landskap, natur og kultur). Dette er også det største enkeltarealet (223 daa nytt næringsareal på land og i sjø). Det er elles ikkje lagt inn heilt nye næringsområdet, som ikkje ligg i tilknyting til allereie etablert næring. Utvidingane vil likevel vera viktige for å oppretthalde næringsaktivitet og arbeidsplassar, og gi dei aktuelle verksemndene høve til utviding og utvikling. Dette sikrar også nærområdet med omsyn til grunnlag for busetnad, aktivitetar og tenester.

Det er lagt inn om lag 31,5 dekar nytt arealføremål for fritid- og turistføremål, og om lag 21 daa endra frå fritid- og turisme til LNF. Dei nye områda ligg i hovudsak i område som allereie er relativt godt tilrettelagt med infrastruktur og vegsamband, og i område der det allereie i dag er satsingar innan

turisme som t.d. Lykling og Kuleseidkanalen. Areala gir eit grunnlag for lokalt næringsliv og sysselsetting for dei aktuelle verksemndene og områda, men også ringverknadar for heile kommunen.

I tillegg til arealendringane på land er det gjort justeringar på fleire av akvakulturområda i sjø. Dette vil vera positivt for næringa, ved at dei får høve til å justere på anlegga for å sikre best mogleg plassering på lokalitetane. Sjå eige Overordna konsekvensutgreiing og ROS-analyse for sjøareala, vedlegg.

#### **6.10.3 Konklusjon næringsliv og sysselsetting**

Det er nye næringsføremål som utgjer dei største endringane i ny kommuneplan. Endringane er lagt inn for å gi høve til utvidingar av eksisterande næringsområde ved sjø. I tillegg til hovudvekt på sjøtilknytte næringsareal er det lagt til rette for areal for fritid og turisme. Desse er i hovudsak lagt i tilknyting til eksisterande tiltak i kommunen, som t.d. Lykling og Kuleseidkanalen.

Planomtalen peikar på område for vidare arbeid i komande rulleringar. Overordna strategisk næringsanalyse er ikkje gjennomført i denne rulleringa, men skal løftast fram i neste runde. Den vil såleis sjå kommunen sine behov for nye næringsareal i eit større kommunalt og regionalt perspektiv, og ikkje minst utgreia behova knytt til det grøne skiftet.

Dei endringane som ligg til planframlegget knytt til næringsliv representerer auka moglegheiter og større fleksibilitet for konkrete område og bransjar, og planframlegget er såleis vurdert til å ha positive konsekvensar for næringsliv og sysselsetting.

## 7 Risiko og sårbarheit

I juni 2021 vedtok Bømlo kommune Heilskapleg ROS-analyse. Rapporten handlar i utgangspunktet om dei hendingane som enten har størst sannsyn for å oppstå og/eller er å anta vil kunne påføra Bømlosamfunnet størst konsekvensar dersom dei inntreffer. Hendingane som er omtala er overordna og knytt til hovudtema naturhendingar, storulykke, kritisk infrastruktur, tilskjuta hendingar, samt dyr/landbruk, fiskeoppdrett sjø. Analysane viser at det for mange av hendingane er nødvendig å gjennomføre ytterlegare analyser for å kunne få ein grundigare forståing av den risikoen som ligg føre. I tillegg til tidlegare ROS-analysar bygger revisjon på møte med eksterne selskap, etatar og mynde. Risiko og konsekvensar for dei enkelte hendingar er vurdert på grunnlag av lokal kunnskap, statistikk og tilgjengeleg litteratur. Hendingar som er vurdert å kunne medføre stor risiko (rød matrise) er forhold til oppdrett av laks og regnbogeaure, mangel på legemiddel, transportulykke sjø, epidemi/pandemi, storbrann og svikt i informasjonstryggleik. Forholdet til naturfarar som flaum/overvatn, jordskjelv, ras/skred er vurdert å ha låg risiko (grøn matrise), medan ekstremvêr ( vind og nedbør) er vurdert til å ha middels risiko (gul matrise).

### 7.1 Kvalitetskrav til ROS-analysane

Vurderingane som er gjennomført for forslag til dei enkelte arealendringane følgjer desse stega (ref. DSB rettleiar figur 4 og kvalitetskrav kap. 3.2):

1. Skildring av arealet/innspela (del av felles oppsett med KU)
2. Identifisere mogleg uønska hendingar (sjå vedlegg metodikk for KU og ROS-analyse for enkeltinnspele). Kjelde for vurderingane er knytt til offentlege databasar, samt lokal kunnskap hos kommunen.
3. Vurdere risiko og sårbarheit. Bømlo kommune har eldre akseptkriterium. ROS-analysen er gjennomført slik at ein har sjekka innspela med omsyn til spesifikke tema og grad av risiko, sjå tabellar under. Analysen er integrert i konsekvensutgreiinga for å få eit heilskapleg bilet av situasjonen i kvart enkelt innspelsområde. Det er nyttar ein fargebruk i analysen som representerer følgjande:

|                |   |
|----------------|---|
| Høg risiko     | Høg risiko gir grunnlag for å ikkje tilrå arealendringa, og dersom endra arealbruk skal tilrådast positivt må det settast i verk tiltak for å redusere risiko. Grunnlag for å klassifisere arealendringa i høg risiko: <ul style="list-style-type: none"><li>- Arealet ligg i naturfaresonekartlagde område. Vurdering av sårbarheit ihht. tiltaksklasser definert i TEK17.</li><li>- Arealet er knytt til vegar med særleg høg trafikkfare (dødsulykke)</li><li>- Strålingsfare for bustadføremål</li><li>- Bustadområde i rød støysone frå veg</li><li>- Ny arealbruk gir uakseptabel verknad for omgjevnadane, t.d. for støy</li></ul>   |
| Middels risiko | Middels risiko gir grunnlag for å tilrå arealet, men at risiko og sårbarheita for den enkelte hendinga må undersøkast nærmare i reguleringsplan, og at det då må vurderast avbøtande tiltak.<br>Grunnlag for å klassifisere arealendringa i middels risiko: <ul style="list-style-type: none"><li>- Arealet ligg i aktsemndssone for naturfare</li><li>- Arealet vil vera utsett for stormflo/havnivåstigning</li><li>- Om arealet er knytt til vegar utan fortau/GS-veg eller smal/dårleg veg, for relevante arealføremål eller for større areal der det vil vera krav om reguleringsplan</li><li>- Arealet overlappar med gul støysone frå veg eller forureina grunn</li><li>- Ny arealbruk kan ha verknad for omgjevnadane, men avbøtande tiltak kan gjennomførast</li></ul> |

|                    |  |
|--------------------|--|
| Ingen kjend risiko | Arealet overlappar ikkje med kjent kunnskap knytt til naturfare, forureining (grunn og støy). Analysen har ikkje avdekkja hendingar som gjera at arealet er ueigna for bruk/utbygging. |
|--------------------|--|


- Det er ei generell viss usikkerheit i analysane og kunnskapsgrunnlaget med utgangspunkt i at det er offentlege og overordna datasett som er kjelda i analysen. Dersom det er vurdert spesiell usikkerheit har ein vore konservativ i vurdering av risiko. Med dette som bakgrunn, kan det komme opp problemstillingar som ikkje vert fanga opp i denne analysen. I seinare plansaker må dei følgjast opp med eventuelle kartleggingar/ dokumentasjon, samt nødvendige avbøtande tiltak.
- Identifisere tiltak for å redusere risiko og sårbarheit (tilråding om omsynssone/føresegn og føringar for neste plannivå). I ROS-analysen er det peika på punkt og problemstillingar som må vidareførast i detaljregulering og -prosjektering av tiltak, samt trekt fram i samla tilråding for kvar enkelt innspel. Det er også omtala i kva grad desse tiltaka reduserer risiko og sårbarheit.

## 7.2 Vurdering av arealendringar

For kommuneplanen som no er rullert er ROS-analysen og hendingane som er analysert sjekka ut med utgangspunkt i kjente databasar. Dei arealendringane er vurdert til ha akseptabel risiko og sårbarheit. Nokre hendingar må i neste plannivå vurderast nærmare og avbøtande tiltak må då vurderast. Kapitel 7.2.1-3 gir ein oversikt av hendingane i ROS-analysen som er gjennomført for kvart enkelt arealinnspel, samt samla vurdering for kvart tema.

### 7.2.1 Naturfare

I regional plan for klima 2022-2035 (Vestland fylkeskommune) sitt kunnskapsgrunnlag finn ein mellom anna fakta kring tema *Trygt og robust Vestland*. Tradisjonelt har klimatilpassing i stor grad handla om endringar i naturen og om lokale konsekvensar som følge av naturhendingar. I tillegg til fysisk risiko, vil klimaendringane skape fleire indirekte verknader og samfunnsutfordringar i åra som kjem. Figurane under vist forventa endringar i Vestland i klima, hydrologiske forhold og naturfarar.



Bømlo sin heilsakplege ROS-analyse skildrar forholdet til naturfarar slik:

- Nedbør og flaum: Det er venta vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør både i intensitet og førekomst. Dette vil også føre til meir overvatn. Det er venta fleire og større regnflaumar.

Det er nødvendig med tiltak: Ved alle byggeprosjekt må takast høgde for drenering. Arkitektur klimatilpassing. I planprosessar (kompetanse og merksemd på flaum og overvatn).

- Stormflo: Som følgje av havnivåstiging er det venta auke i stormflonivåa.
- Skred: Faren for jord-, flaum- og sørpeskred aukar som følgje av auka nedbørsmengder. Med eit varmare og våtare klima vil snøgrensa bli høgre, og regn vil oftare falle på snødekt underlag. Dette kan redusere faren for tørrsnøskred, og auke faren for våtsnøskred i skredutsette område. Det er ikkje venta at klimaendringane vil auke faren for fjellskred vesentleg. Rapporten konkluderer med at det ikkje er behov for tiltak.


Kommuneplanen sin arealdel endrar ikkje på sannsyn for hendingar knytt til naturfarar. I plankartet er aktsemdsområde for flaum og skred synt med faresoner. Føreseggnene sikrar forholdet til stormflo og områdestabilitet (kvikkleire og marin grense).

|  |   |   |
|--|---|---|
| Skred  | Generelt  | Bømlo kommune er ikkje særleg utsett for skred. Det er registrert ein del steinskred, og i tillegg to isnedfall og to registrerte lausmasseskred i kommunen. Alle desse er lokalisert langs etablerte vegar (kjelde skrednett.no). Det er ikkje registrert snøskred, leirkred eller flaumskred i kommunen. Bømlo sin heilsakplege ROS-analyse har konkludert med at risiko for skred i kommunen er låg. |
|  | Snøskred  | Ingen nye utbyggingsområde innanfor aktsemdsområde for snøskred   |
|  | Steinsprang   | Ingen nye utbyggingsområde innanfor aktsemdsområde for steinsprang  |
|  | Jord- og flaumskred   | Ingen nye utbyggingsområde innanfor aktsemdsområde for jord- og flaumskred  |
| Områdestabilitet; Kvikkleire og marin grense | Store deler av kommunen ligg under marin grense. Mange av areala som er tilrådd ligg under marin grense, og der det er peika på at det er ein risiko for tap av områdestabilitet og kvikkleire. Ein del av areala er knytt til utbygde areal. Det er i kommuneplanen ikkje gått lengre enn å sjå på om areala ligg over eller under marin grense, og peika på at dette er forhold som må avklarast i reguleringsplan. Føreseggnene til revidert kommuneplanen set føringar for at ny utbygging innanfor marin grense vert sikra med omsyn til områdestabilitet. Analysar i kommuneplanen har ikkje avdekkat at det vil vera uakzeptabelt å tilrå arealinnspela.   |   |
| Flaum i elver/bekk og overvatn               | <p>Ingen av elvane i kommune er kartlagt på faresonenivå. Dei større elvane/vassdraga er kartlagt som aktsemdsområde av NVE. Det er nokre få nye utbyggingsområde innanfor aktsemdsområde for flaum:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vorland, Langevåg (fritid og turisme)</li> <li>- Eidsvik, Langevåg (utviding av næringsareal til etablert settefiskanlegg)</li> <li>- Åsvatnet, Svortland/Rubbestadneset (utviding av næringsareal)</li> </ul> <p>Aktsemdsområda for flaum er synt som omsynssone i plankartet med tilhøyrande føresegner. Det er i kommuneplanen ikkje gått lengre enn å sjå på om areala ligg innan- eller utanfor aktsemdssonana. Analysane har ikkje avdekkat at det vil vera uakzeptabelt å tilrå arealinnspela, men peika på at dette er forhold som må avklarast i reguleringsplan.</p> <p>Det er venta vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør både i intensitet og førekomst. Dette vil også føre til meir overvatn. Det er venta fleire og større regnflaumar. Bømlo sin heilsakplege ROS-analyse har likevel konkludert med at risiko for flaum/overvatn i kommunen er låg. Men at det ved alle nye</p> |   |

|                           |  |
|---------------------------|--|
|                           | byggeprosjekt må takast høgde for drenering, og klimatilpassa arkitektur. I føresegne er det sett m.a. krav til at blågrøn struktur (inkl. overvatn og vegetasjon) skal vera sikra før det vert gitt igangsettingsløyve til tiltak, vidare at overvatn skal takast hand om lokalt, og i all hovudsak bestå av opne løysingar. Opne strekningar av elvar, bekkar, vatn og dammar skal oppretthaldast, og miljøtilstand for vassførekomen skal ikkje påverkast negativt. Desse forholda gjer at analysar i kommuneplanen har ikkje avdekkat at det vil vera uakseptabelt å tilrå arealinnspele.  |
| Stormflo /havnivåstigning | Det er fleire nye areal som ligg tett på sjøen og dermed med ein fare for stormflo og havnivåstigning. I følgje seahavnivå.no har t.d. sikkerheitsklasse 2 (TEK17) med klimapåslag i Bømlo ei framskriving av havnivå på 190 cm over NN2000. Fleire av eksisterande bygg er definert som bygg som ligg i risikoområde for stormflo og havnivåstigning (2090). Føresegne til kommuneplanen set føringar for at ny utbygging vert etablert på ei høgde slik at områda er sikra mot stormflo og havnivåstigning. Desse forholda gjer at analysar i kommuneplanen har ikkje avdekkat at det vil vera uakseptabelt å tilrå arealinnspele. |

## 7.2.2 Menneske og verksemdbaserte farar

Heiskapleg ROS-analyse for Bømlo har vurdert forhold til samfunnsmessige forhold, som t.d. storulykke. I kommuneplanen er konkrete hendingar og risiko for trafikktryggleik, støy, forureining, stråling frå høgspent, forhold til drikkevasskjelde, samt innsatstid og beredskap vurdert. Sjå tabell under for samla vurdering av planforslaget.

|                           |   |
|---------------------------|---|
| Trafikk-tryggleik på land | <p>Det er ingen riks- eller europavegar som går gjennom kommunen. Hovudstamnettet i kommunen er fylkesvegane som går nord-sør og vest-aust, sjå bilde til høgre.</p> <p>Hovudvegane på Bømlo er i ferd med å bli veldig bra, men det er framleis gjenståande parti nord-sør som er smalt og til del svingete. Mange av dei alvorlege trafikkulukkene skuldast møteulukker der eitt eller fleire køyretøy kjem over i motsett køyreretning, eller at vegen ikkje er brei nok til at køyretøy kan passera slik at det anten vert kollisjon eller utforkøyring. Det er relativt få registrerte hendingar i Statens vegvesen sin database, i perioden 2017-2021 er det 35 registrerte ulykke. Dette gir truleg eit unyansert bilde og det er truleg ei underrapportering. Dette saman med at det generelt er risiko for trafikkulukker, gir at dei fleste av dei tilrådde arealendringane er vurdert med middels risiko (gul). Heiskapleg ROS-analyse for Bømlo peiker også på aktuelle tiltak som å fortsette med å følgje opp TS-planar og trafikksikker kommune, samt jobbe for nye og sikrare vegar. Bømlopakken er eit ledd i dette arbeidet.</p>  |
|---------------------------|---|

|      |  |
|------|--|
|      | <p>Dei fleste tilrådde utbyggingsføremåla er konsentrert i område med etablert infrastruktur. Forhold til auka trafikk på vegnettet må omtalast og vurderast i den enkelte reguleringsplansaka, men analysar i kommuneplanen har ikkje avdekkat at det vil vera uakseptabelt å tilrå arealinnspela.</p> <p>Dei tilrådde utbyggingsføremåla er spreidd kring i kommunen, slik som dagens utbyggingsstruktur er. Samla vil arealendringa gi grunnlag for noko auka, men avgrensa, biltrafikk, og dermed potensielt auka risiko for trafikkulykke. Samstundes sett føresegne m.a. krav til utforming av plangrense som inkluderer vegtilkomst og at infrastruktur skal vera etablert før t.d. bustadar kan takst i bruk. Vidare at det skal vera trafikksikker tilkomst mellom bueining til felles uteoppahldsareal/ leikeplassar/ skule/ fritidsaktivitetar, og at det skal utarbeidast mobilitetsplan ved større utbyggingar. Dette vil kunne fange opp og medverke til å sikre robust og trafikksikker infrastruktur gjennom reguleringsplanar. Dette vil ikkje i same grad verta fanga opp i samband med utbygging i LNF-spreidd områda. Omfang av tal einingar i løpet av planperioden er avgrensa i både tid og rom, slik at endra risikobilde vil vera avgrensa.</p>   |
| Støy | <p>Statens vegvesen sine <a href="#">støyvarslingskart</a> er nyttta som grunnlag for kommuneplanen og vurdering av arealendringane. Tilgjengeleg varslingskart er utarbeida i 2017 og viser ein prognosesituasjon 15-20 år fram i tid. Kartet er ikkje oppdatert etter at ein del av hovudvegnettet på Bømlo er endra. Datasettet er likevel nyttta då dette er det einaste datakjelda for støy, men valt å ikkje synleggjerast i plankartet.</p> <p>Dei fleste tilrådde utbyggingsføremåla er konsentrert i område med etablert infrastruktur. Det er ingen av areala for støyfølsam bruk (bustad / offentleg og privat tenesteyting) som ligg tett på hovudvegstamnettet. Forhold støy må likevel omtalast og vurderast i den enkelte regulerings-plansaka. Analysar i kommuneplanen har ikkje avdekkat at det vil vera uakseptabelt å tilrå arealinnspela.</p> <p>Dei tilrådde utbyggingsføremåla er spreidd kring i kommunen. Samla vil arealendringa gi grunnlag for auka biltrafikk, og dermed potensielt auka støy frå vegar. Likevel er omfanget av nye utbyggingsføremål avgrensa, og ein vurderer at det ikkje gir grunnlag for å avslå arealinnspel/-endringar.</p> <p>Det er lagt inn 17 nye areal med næringsføremål. Dei tilrådde næringsareala ligg i stor grad i tilknyting til eksisterande næringsområde, eller er område som allereie er i bruk til næring. Konsekvensutgreiing for enkelt innspela har vurdert potensial for støyande forhold for tilgrensande areal, som t.d. bustadføremål. Ingen av innspela til næring gir grunnlag for å avslå arealinnspelet/-endringa.</p> <p>Nye areal til råstoffutvinning og deponi er lokalisert ved etablert anlegg på Ersland. Areala ligg relativt isolert frå busetnad, ca. 330 m til nærmaste bustad frå deponiområdet.</p> <p>Føresegne sikrar at støyretningslinje T-1442 er juridisk bindande og støy vert eit vurderingstema i reguleringsplansakar, men også byggesøknadar etter eldre reguleringsplanar eller kommuneplanen sine føringar. Dei gir også føringar for lokalisering av uteoppahldsareal som leikeplassar, samt at det ved behov skal utarbeidast plan for handtering av støy i byggje- og anleggsfasen. I plankartet er støysone kring etablert skytebane synt.</p> |

|                       |   |  |
|-----------------------|---|--|
| Forureina grunn       | <p>Det er nokre få område der det enten er registrert eller mistanke om forureina grunn (Langevåg, Rubbestadneset, Foldøy/Innvær, Sakseid og Alsvåg). Alle desse er knytt til etablerte eller tidlegare industriverksemder.</p> <p>Ingen av dei tilrådde arealinnspela er i konflikt med områda der det er registrert eller mistanke om forureina grunn. Ein del av dei tilrådde areala har eit potensial for å medføre forureining og avrenning (areal til næring og deponi). Føresegnerne sett rammer for m.a. massehandsaming og krav til miljøkvalitet.</p>   |  |
| Stråling frå høgspent | <p>Kommunen er tilkopla regionalnettet frå Stord. Resterande linje i kommunen er del av distribusjonsnettet. Det er tre transformator-stasjonar i kommunen.</p> <p>Dei tilrådde arealinnspela er ikkje i konflikt med høgspentlinjene eller transformator-stasjonar. Nokre areal ligg inntil høgspent-linjene. I desse tilfella må reguleringsplan sikre områda mot stråling, ved enten utbygginga tilpassa seg linja eller at linja må leggjast om. Reguleringsplanar må sikre at dette forholdet vert løyst.</p>  |  |
| Drikkevatn            | <p>Det er 17 areal regulert til drikkevasskjeldene, reserve vasskjelde, vasskjelde til settefiskanlegg med tilhøyrande nedslagsfelt i kommunen. Dei tilrådde utbyggingsføremåla er i hovudsak utanfor omsynssona. Unntak frå dette er:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Innanfor omsynssone Erslandsvatnet-Finnåsvatnet: Areal for råstoffutvinning og deponi på Ersland, ubygde LNF-spreidd areal på Oldereidet, utbygd, som opnar for 1 ny eining. Omsynssona drikkevasskjelde og vasskjelda for settefiskanlegg.</li> <li>- Innanfor omsynssone Selavatnet: LNF-spreidd areal på Sele, bebygd, opnar ikkje for fleire eininger. Næringsområde Såtehaugen, utviding av etablert næringsområde (ikkje industri). Omsynssona drikkevasskjelde og vasskjelda for settefiskanlegg.</li> </ul> |  |

|                         |   |
|-------------------------|---|
|                         | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Skålevikvatnet på Goddo: Areal for næring knytt til etablert settefiskanlegg. Omsynssona drikkevasskjelde og vasskjelda for settefiskanlegget.</li> <li>- Eidesvatnet mm i Langevåg: Areal for næring knytt til etablert settefiskanlegg. Omsynssona drikkevasskjelde og vasskjelda for settefiskanlegget.</li> </ul> <p>Vasskjeldene med nedslagsfelt er sikra med omsynssone og tilhøyrande føresegn. Det er ikke tillate med tiltak eller bruk som kan medføre forureining innanfor sona, og retningslinje gir at Børmlø vatn- og Avløpsselskap AS skal uttala seg til planar og tiltak innfor omsynssona.</p>                            |
| Innsatstid og beredskap | <p>Det er fire brannstasjoner på Børmlø; Svortland, Moster, Espenvær og Langevåg. Nærmeste sjukehus er på Stord, Leirvik. Kommunen er del av Helse Fonna, Sør-Vest politidistrikt sitt dekningsområde.</p> <p>Dei fleste nye utbyggingsområda ligg i område med etablert infrastruktur. Det er god vegtilkomst til dei fleste områda. Sikker og dimensjonert tilkomst er sikra gjennom føresegner til utarbeiding av reguleringsplanar, og til byggesak. Ny kommuneplan regulerer ingen nye areal til sårbare objekt som skule, brannstasjon, sjukeheim, barnehage etc. Omfang av arealendringar er avgrensa og gir ikkje grunnlag for å auke eller endre kommunen sin beredskap.</p> |

### 7.2.3 Avbøtande tiltak

I plankartet til høyring er følgjande omsynssoner som er relevant for risiko, sårbarheit og beredskap teke inn: Nedslagsfelt for drikkevatn (H110), støysone (H210-220), ras- og skredfare (H310) og flaumfare (H320).

Alle godkjente reguleringsplanar vil gjelde saman med kommuneplanen, vist i plankartet med føresegnsområde #5. Føreseggnene gir at desse reguleringsplanane skal gjelda saman med kommuneplenen, og ved motstrid skal føringar i kommuneplanen gjelde framfor reguleringsplanen. Døme på motstrid er der forhold til naturfare ikkje er vurdert eller avklart i reguleringsplanen. Da skal aktuell naturfare vera utgreidd/dokumentert før det kan gis løkke til ny utbygging eller endring av eksisterande bygg. Eit anna døme er der forhold til støy ikkje er vurdert eller støyvurderinga er eldre enn 10 år. Da skal det ved ny utbygging eller endring av eksisterande bygg med støyfølsamt bruksføremål vurderast behov for støyfagleg utgreiing.

Konsekvensutgreiinga med ROS-analyse gir at plankart/føreseggnene må sikre, der det er relevant, følgjande:

- Kommuneplankartet bør syne aktsemdsområde for flaum, og i sakshandsaming i plan eller byggesak vurdere lokale/mindre bekkar. Krevje dokumentasjon av flaum og handtering av overvatn og ta omsyn til framtidig klima.
- Krevje dokumentasjon av skredfare i aktsemddssonar og lokale skjeringar/høgdedrag.
- Sikre høgde på planering og bygg med omsyn til stormflo og havnivåstigning som tek omsyn til framtidig klima
- Krevje dokumentasjon av områdestabilitet (kvikkleire) der det skal byggjast innanfor marin grense eller der det skal fyllast ut i sjø
- Trafikktryggleik må avklarast gjennom reguleringsplanar. Alternative veg- og ganglösingar bør vurderast, og val av trafikkloësing må vera med utgangspunkt i trafikktryggleik
- Gjennomføre støykartlegging dersom arealet ligg innanfor støyvarslingskart frå Statens vegvesen. Lokalisere ny utbygging utanfor støysone eller sette krav til avbøtande tiltak
- Sikre at det ikkje kan gjennomførast utbygging under eller nær høgspentlinje før linja er lagt om eller vert lagt under bakken